


# NISSEDAL KOMMUNE



## ÅRSMELDING 2020

**Innhold:****Årsberetning**

1	Innleiing .....	s. 3
2	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 4
2.1	Organisasjonskart .....	s. 4
2.2	Politisk organisering .....	s. 5
2.3	Administrativ organisering .....	s. 5
2.4	Interkommunalt samarbeid .....	s. 6
3.	Investeringsrekneskapen .....	s. 7
4.	Driftsrekneskapen .....	s.12
5	Balansen .....	s.20
5.1	Gjeld.....	s.20
5.2	Arbeidskapital .....	s.20
5.3	Utestående fordringar .....	s.21
5.4	Fond . .....	s.21
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.22
7.	Likestilling .....	s.23
7.1	Kjønnsfordeling .....	s.23
7.2	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid .....	s.23
7.3	Lønsnivå .....	s.24
7.4	Stillingsbrøk .....	s.25
7.5	Vidareutdanning – kompetanseheving .....	s.25
7.6	Etnisitet og nedsett funksjonsevne .....	s.25
8.	Fråvær .....	s.26
9.	Etisk standard .....	s.26
10.	Årsverk og lønsnivå .....	s.26
11.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.27
12.	Aktivitetsnivået på utvalde område .....	s.28

**Handlingsprogram - rapportering**

13.	Handlingsdelen - Måloppnåing og gjennomføring av tiltak .....	s.29
13.1.	Sentral leiing.....	s.30
13.2.	Stabsfunksjonar .....	s.33
13.2.1.	Fellestenesta .....	s.33
13.2.2.	IKT .....	s.34
13.2.3.	Nærings .....	s.35
13.2.4.	Interkommunalt plankontor for Nissedal og Kviteseid .....	s.37
13.2.5.	Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid .....	s.40
13.3.	Eining for oppvekst og kultur .....	s.44
13.3.1..	Skule .....	s.44
13.3.2.	Barnehage .....	s.47
13.3.2.	Kultur .....	s.49
13.4.	Eining for velferd .....	s.58
13.4.1.	Helse og habilitering .....	s.58
13.4.2.	Omsorg .....	s.61
13.5.	Eining for teknisk drift .....	s.67

## 1. Innleing

Opphavleg budsjett for 2020 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 9,6 mill. (4,91%) Dette var langt unna nasjonal målsetning om eit positivt netto driftsresultat på 1,75%. Ein vesentlig forklaring til at budsjettet for 2020 var lagt opp med eit så svakt netto driftsresultat var ein stort reduksjon av sjølvkostfond innan VA. Det var budsjettet med eit underskot (bruk av fond) på 7 mill. innan VA. I tillegg var det budsjettet med bruk av felles buffer på 2,3 mill. Med andre ord var utgiftene høgare enn inntektene også på det ein kalle ordinær drift. Så sjølv om ein hadde berekna netto driftsresultat utan VA, ville ein hatt eit negativt resultat på 0,45% i opphavleg budsjett.

Rekneskapen for 2020 er gjort opp med negativt netto driftsresultat på 6,1 mill. (-3,03%) og med eit meirforbruk på kr 372.000. Rekneskapen synte bruk av felles buffer 5 mill., etter at budsjettet for bruk av felles buffer var auka gjennom året med 2,7 mill. Sjølv om kommunerekneskapen totalt sett har eit moderat meirforbruk er det store variasjonar innafor dei ulike rammområda. Dette vert kommentert under kapittelet som omhandlar drifterekneskapen.

Nissedal har hadde i ein lengre periode fram til 2017 ein positiv auke i folketalet, med ein topp i innbyggartalet 30.06.17 med 1.495 innbyggjarar. Sidan har innbyggartalet gått nedover og pr. 31.12.20 var innbyggartalet 1.430. Dette utgjer ein nedgang på 1,2% i løpet av 2020. Nedgangen på 18 innbyggjarar i 2020 skudalst utflytting frå kommunen, då kommunen hadde eit fødselsoverskot i 2020 på 4.

Etter at kommunen har hatt nokolunde same administrative organisering sidan 2003, blei det i 2020 vedteke ny administrativ organisering gjeldande frå 01.08.20. I hovudsak gjekk endringa ut på at eining for skule, barnehage og kultur blei slege saman til eining for oppvekst. Eining for omsorg og eining for helse/habilitering blei slått saman til eining for velferd. Etter omorganisering har kommunen 3 eininger: Eining for oppvekst og kultur, eining for velferd og eining for teknisk drift. Arbeidet med å fullføre denne omorganiseringa vil forsetje inn i 2021.

I budsjettet for 2020 var det vedteke å stenge/avvikle ein barnehage i kommunen. I eige vedtak blei det bestemt at Haugsjåsund barnehage blei lagt ned frå 01.08.20.

I tillegg la budsjett 2020 til grunn reduksjon av omlag 8 heile stillingar. Det var lagt til grunn ei nedtrappling av ressursinnsatsen på integreringsarbeid, i tillegg til reduksjon av stillingar i skule, barnehage, omsorg og helse/habilitering.

Felles NAV-kontor for alle 6 Vest-Telemark kommunane var operativt frå 01.01.20 og kontoret er lokaliset på Dalen. Samarbeid med Kviteseid blei utvida til og å omfatte reknesaksfunksjonen kom og i gang frå 01.01.20 med kontorstad i Nissedal. Frå november 2020 overtok staten skattterekneskapen/innkrevjing. Dermed fall dette ut av samarbeidet med Kviteseid.


2020 blei på same måte som dei føregåande åra eit år med høg aktivitet i høve til investeringsrekneskapen. Ulike VA-prosjekt står for hovedaktiviteten. Desse utgjer 22,9 mill. av 36,2 mill. investert i varige driftsmidlar. Men det blei og sett i gang store prosjekt utafor VA-sektoren. T.d. ny brannstasjon og 5 nye omsorgsbustader som dei største enkelprosjekta.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2020 blei det totale fråværet 7,05%. Dette var ein auke på 0,95 prosentpoeng i høve til 2019. Med tanke på at 2020 var eit «korona-år» er vel denne veksten å sjå som akseptabel. Men ein skal ikkje gløyme at ein ligg over 2 prosentpoeng over IA-målet. Sjukefråværet i 2020 fordelt seg med 2,02% korttidsfråvær (u/16dager) og 5,03% langtidsfråvær.

Store delar av 2020 har vore prega av pandemi/covid-19. Kriseleiinga hadde sitt første møte 6. mars og har hatt jamlege møter gjennom heile året. Det har variert frå daglege møte til ein gong i veka. Dette med unntak av ein kort periode i sommarferien, då det berre var møte etter behov. Pandemien har sett sitt preg i stor grad på nær sagt alle tenestestader. Ein kan særleg nemne barnehage, skule, omsorg, habilitering, legekontor og reinhald. Økonomisk har pandemien ikkje råka kommune så hardt. Dei økonomiske bidraga staten har kome med har grovt sett dekt opp for dei ekstra utgiftene kommunen har hatt. Så langt ein har oversikt er det ikkje så mykje som tyder på at lokalt næringsliv er blitt hardt økonomisk råka av pandemien.

## 2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

### 2.1 Organisasjonskart (fram til 31.07.20)



(Frå 01.08.20 blei det vedteke ei omorganisering ved at eining for skule, eining for barnehage og eining for kultur blei slege saman til eining ofr oppvekst og kultur. Eininng for omsorg og eining for helse og habilitering blei slege saman til eining for velferd).

## **2.2 Politisk organisering**

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast direkte i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 8 møte og formannskapet hadde 12 møte i 2020.

## **2.3 Administrativ organisering**

Nissedal kommune er organisert i 6 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Rådmannen si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 6 einingsleiarar, plansjef, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for skule omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring. I tillegg er tilsyns-mynde etter Lov om barnehage lagt til denne eininga.

Eining for omsorg omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp. Tenestekontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova ligg også i denne eininga.

Eining for barnehage omfattar 4 kommunale barnehagar og ev. oppfølging av private barnehagar. I 2020 var det ingen private barnehagar i Nissedal.

Eining for helse og habillitering omfattar tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, barnevern, dagsenter og psykiatri.

Eining for kultur omfattar musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet og flyktninger.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

NAV omfattar økonomisk sosialhjelp, arbeidsavklaringspengar, oppfølging av arbeidsledige og sjukmeldte. Frå 2020 har NAV vore organisert i eit interkommunalt samarbeid med Vest-Telemark, lokalisert i Tokke kommune.

Under fellesstenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som løn og landbrukskontor.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme.

(som nemnd over er det ny administrativ organisering frå 01.08.20)

## 2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting. både i form av eigne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar.

### Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggande brannvern i eige IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Vestfold, og Telemark kommunerevisjon IKS
- Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalsssekretariat IKS
- IKA Kongsberg IKS
- Vest-Telemark PPT IKS.

### Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn/rekneskap for Kviteseid kommune og Kviteseid kommune fører skatterekneskapen for Nissedal kommune. (siste del bortfalt frå nov. 2020).
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles NAV-kontor.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehustenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøppssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

### 3. Investeringsrekneskapet (jf. bevilgningoversikt og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2020 i stor grad prega av høg aktivitet, då særleg innan VA-sektoren.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar varige driftsmidlar med totalt 64,6 mill. Dette blei justert ned i løpet av året til 43 mill. Rekneskapen gav investeringar i anleggsmidler på 36,2 mill. Eit avvik på nær 16%. Av totale investeringar i varige driftsmidlar var 22,9 mill. knyt til investeringar innan VA.

Bruk av lån i 2020 var 32,5 mill. Sett opp mot sum investeringsutgifter på 36,7 mill. gir dette at 88,6% av investeringane i 2020 var finansiert med lån.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekka beløp på kr 360.000. Dette knyt til overføring frå driftsrekneskapen for finansiering av eigenkapitalinnskot til KLP. Dette kan ikkje finansierast ved bruk lån og budsjettet la opp til overføring frå drift. Dette blei stroke i samband med oppgjør av driftsrekneskapen.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane og ved ulike enkeltsaker.

Status på investeringsprosjekta er går fram av note 18 i rekneskapen, der det går fram eventuelle avvik i høve til prosjektkostnad og budsjett 2020.

I kommentarane blir fylgjande begrep nytta:

- Prosjektramme: Dette er total prosjektramme (inkl. mva. for prosjekt utafor ord. avgiftsområde) for gjennomføring av heile prosjektet, uavhengig av år. Eit prosjekt kan fordele seg over fleire budsjettår.
- Budsjett: Dette er den del av prosjektramma som er avsett dette budsjettåret. For prosjekt som blir gjennomført på 1 år vil prosjektramme og budsjett vere lik.

#### 0126 Startlån

Ramme utlån kr 3.132.000. Ramme utlån nytta kr 1.694.000.

Det kom 11 søknader om Startlån i 2020. 10 fekk avslag og 1 søknad blei imøtekomen. Ved 2 tertial var 5-6 søknader ubehandla. Det blei då lagt til grunn at behovet oversteig tilgjengelig låneramme og ramma blei styrka med avsette midlar frå låneavdragsfond (som knyter seg til ekstraordinære innbetalte avdrag). Men dei ubehandla søknadane fekk avslag og det stod dermed at unytta låneramme som blir overført til 2021.

#### 0149 Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter.

Prosjektramme kr 218.000. Budsjett 2020 kr 218.000. Rekneskap 2020 kr 346.000

Prosjekt-/budsjetttramme tok høgde kjøp av tomt i samband med eit makeskifte. Tilsvarande sum er derfor ført som inntekt på same ansvar. Meirforbruket er knyt til advokatutgifter i samband med tileigning av fast eigedom. I tillegg er eigenkapitaltilskot på kr 508.000 førd på dette ansvaret. Dette var dels finansiert med overføring frå drift med kr 360.000. Dette blei stroke i samband med oppgjør av driftsrekneskapen og gjer til at investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekka beløp (som nemnd innleiingsvis). Til slutt kan ein og nemne at dekking av meirforbruk frå 2019 (kr 2.741.000) er førd på dette ansvaret.

#### 0591 Tur-/sykkeløype Åmli Treungen.

Prosjektramme kr 3.539.000. Budsjett 2020 kr 760.000. Rekneskap 2020 kr 603.000

Sykkelstien er nærmast ferdig og blei teke i bruk sommaren 2020. Det blei produsert ein eigen video som alternativ til offisiell opning sykkelstien pga. covid-19. Det står att nokre mindre utbetringar som vil bli gjennomført i 2021.

**0593 Omsorgsbustader - omsorgssenteret.**

Prosjektramme kr 20.915.000. Budsjett 2020 kr 1.875.000. Rekneskap 2020 kr 1.308.000  
Prosjektet blei forseinka pga. covid-19 og kom ikkje gang for hausten 2020. Dei 5 nye  
omsorgsbustadene skal etter planen vere klare til innflytting seinsommar/haust 2021.

**0609 Prosjektering – hovudleidning Treungen-Kyrkjebrygda.**

Prosjektramme kr 1.580.000. Budsjett 2020 kr 85.000. Rekneskap 2020 kr 85.000  
Prosjektet avslutta i 2020.

**0615 Aktivitetspark – Kyrkjebrygda oppvekstsenter.**

Prosjektramme kr 481.000. Budsjett 2020 kr 106.000. Rekneskap 2020 kr 108.000  
Dette er eit samarbeidsprosjekt med Nissedal idrettslag. Prosjektet er avslutta i 2020.

**0616 Hovudleidingar – vatn kloakk Kyrkjebrygdheia.**

Prosjektramme kr 18.910.000. Budsjett 2020 kr 1.707.000. Rekneskap 2020 kr 1.434.000  
Prosjektet avslutta hausten 2020, men sluttoppgjer frå entreprenør er ikkje motteke pr.  
31.12.20.

**0617 Høgdebasseng og trykkaukar – Kyrkjebrygdheia.**

Prosjektramme kr 9.700.000. Budsjett 2020 kr 1.458.000. Rekneskap 2020 kr 1.898.000  
Det blei utfordringar i høve til kvaliteten på arbeidet til leverandør her. Dette førde til  
meir arbeid kring dokumentasjonarbeid ved overtaking av anlegget. Dette er bakgrunn for  
overskridinga på dette prosjektet. Prosjektet avslutta i 2020.

**0620 Ombygging/tilbygg – Kyrkjebrygda oppvekstsenter.**

Prosjektramme kr 16.655.000. Budsjett 2020 kr 3.318.000. Rekneskap 2020 kr 3.195.000  
Prosjektet ferdigstilt vår 2020 og nye lokalar er teke i bruk.

**0625 Vass- og avløpsleidning Treungen-Kyrkjebrygdheia.**

Prosjektramme kr 25.000.000. Budsjett 2020 kr 3.801.000. Rekneskap 2020 kr 3.799.000  
Prosjektet blei i 2020 forseinka m.a. pga. høg vasstand. Prosjektet, landtak m.m., vidareføras  
i 2021.

**0627 Infrastruktur – digitalisering i barnehage og skule.**

Prosjektramme kr 1.955.000. Budsjett 2020 kr 290.000. Rekneskap 2020 kr 290.000  
Programvare/utstyr kjøpt inn. Prosjektet er avslutta i 2020.

**0628 Kjøp av næringtomt - Sundsmoen.**

Prosjektramme kr 255.000. Budsjett 2020 kr 85.000. Rekneskap 2020 kr 85.000  
Kostnad i 2021 er knyt til opparbeidning/utbetring av næringstomt kjøpt for vidaresal.  
Prosjektet avslutta i 2021.

**0629 Oppgradering – Agresso Mileston 7.**

Prosjektramme 0. Budsjett 2020 kr 0. Rekneskap 2020 kr 3.000  
Prosjektet avslutta i 2019. Kun mva. og mva-ref. førd i 2021 pga. periodisering.

**0630 Damkollen bustadfelt.**

Prosjektramme kr 3.002.000. Budsjett 2020 kr 856.000. Rekneskap 2020 kr 766.000  
Prosjektet avslutta i 2020 og 6 tomter er klar for sal.

**0631 FKB-kartlegging (Nissedal og Kviteseid).**

Prosjektramme kr 828.000. Budsjett 2020 kr 325.000.000. Rekneskap 2020 kr 325.000  
Dette prosjektet blir vidareført i 2021, som då er siste året i dette prosjektet.

**0632 Tenestebilar omsorg/teknisk.**

Prosjektramme kr 700.000. Budsjett 2020 kr 450.000. Rekneskap 2020 kr 561.000  
Bil til heimesjukepleia blei kjøpt i 2019. Bil til teknisk kjøpt i 2020. Bakgrunn for budsjettavvik skuldast at ramma ikkje tok høgde for mva. Ved å ta omsyn til mva-refusjon er reell overskridning på prosjektet kr 17.000. Prosjektet avslutta i 2021.

**0633 Bakkebufjellet - Anleggsbidragsavtale.**

Refusjon på kr 602.000 avsett til bunde fond.

**0634 Kyrkjebygdheia – Opprusting av eks. anlegg .**

Prosjektramme kr 8.400.000. Budsjett 2020 kr 4.964.000. Rekneskap 2020 kr 5.489.000  
I k-sak 84/20 blei budsjett for 2020 redusert med 1 mill. på bakgrunn av antatt progresjon.  
Dette var då bygd på ei feil vurdering. Prosjektet vidarefører i 2021.

**0638 Kunstgrasbane – Sentralidrettsanlegget i Treungen .**

Prosjektramme kr 1.439.000. Budsjett 2020 kr 66.000. Rekneskap 2020 kr 66.000  
Prosjektet er eit samarbeid med Treungen idrettslag. Prosjektet er avslutta i 2020.

**0640 Forprosjekt - ungdomsskulen.**

Prosjektramme kr 125.000. Budsjett 2020 kr 0. Rekneskap 2020 kr 7.000  
I k-sak 84/20 blei budsjettet for 2020 sett til 0, med tanke på at det ikkje ville påløpe utgifter i 2020. Det kom likevel noko mindre utgifter til konsulent mot slutten av året. Det er i 2020 undersøkt er luftkvaliteten i forskjellelege klasserom i murbygget og paviljongen samtidig som det har vært undervisning der. Dette er gjort på bakgrunn av mykje klager på luftkvaliteten på storskulen. I tillegg er det utarbeidd ein brannrapport for murbygget, som seier kva ein må gjere for å få murbygget i samsvar med gjeldande branntekniske krav. Prosjektet vidarefører i 2021.

**0641 Forprosjekt – renovering/ny brannstasjon .**

Prosjektramme kr 125.000. Budsjett 2020 kr 14.000. Rekneskap 2020 kr 12.000  
Prosjektering av ombygging er gjennomført i 2020 og anbud vil bli lagt ut i løpet av starten på 2021. Forprosjektet avslutta i 2021.

**0642 Multifunksjonsmaskiner – heile kommunen.**

Prosjektramme kr 773.000. Budsjett 2020 kr 41.000. Rekneskap 2020 kr 41.000  
Prosjektet er avslutta i 2020.

**0643 Agresso reisemodul/anleggsmodul/kommunenr./SAF-T.**

Prosjektramme kr 638.000. Budsjett 2020 kr 388.000. Rekneskap 2020 kr 312.000  
Delar av prosjektet er ferdig og modular er teke i bruk. Prosjektet vert vidareført i 2021.

**0644 Ombygging/Ny brannstasjon .**

Prosjektramme kr 15.000.000. Budsjett 2020 kr 4.355.000. Rekneskap 2020 kr 4.306.000  
Prosjektering av ombygging er gjennomført i 2020 og anbud vil bli lagt ut i løpet tidleg i 2021.  
Etter planen skal nytt bygg stå ferdig innan utgangen av 2021.

**0645 Ombygging vaskeri - NOS .**

Prosjektramme kr 727.000. Budsjett 2020 0. Rekneskap 2020 0  
Gjennomføring ble satt på vent i 2020 som følge av tiltak for å hindre smitte av Covid-19, og budsjettlovinga i 2020 blei trekt attende. Som følgje av smittevernstiltak i forbindelse med Covid-19 så har ein kome til at ein må sjå på ombygging av vaskeri og grovkjøkken saman da dagens løysingar ikkje er særleg godt egnar med omsyn på smittevern. Ein må gjere ei ny vurdering av både ombygging av vaskeri og grovkjøkken på NOS og sjå dette i samanheng og det vil bli lagt fram ny sak på dette i 2021.

**0646 Grovkjøkken- NOS .**

Prosjektramme kr 187.000. Budsjett 2020 0. Rekneskap 2020 0  
Sjå kommentar under 0645.

**0648 Høgdebasseng (Tveit og) Framnes.**

Prosjektramme kr 8.300.000. Budsjett 2020 kr 300.000. Rekneskap 2020 kr 224.000  
Arbeidet med å finne ønska plassering er gjennomført og ein har vært i kontakt med aktuelle grunneigerar for å sjå på muligheter. Prosjekt vidareførast i 2021.

**0649 To nye pumpestasjonar avløp - Gautefall.**

Prosjektramme kr 1.200.000. Budsjett 2020 kr 1.000.000. Rekneskap 2020 kr 1.729.000  
I k-sak 84/20 blei budsjettet for 2020 trekt ned med kr 200.000 utifrå tenkt progresjon på prosjektet. Dette syntet seg å vere ei feilvurdering, då prosjektet blei ferdig før årsskifte. Det viste seg at stasjonane var i dåligare forfatning enn antatt. Ein skulle ut med anbod på 5 andre stasjonar også og la da inn desse to til same anboden. Ved etablering av nye stasjonar fikk ein en del ekstra kostnadar på grunnarbeid. Den eine av stasjonane hadde heller ikkje eigen strømforsyning (den var kopla til ei nærliggande hytte) Dette har til saman ført til eit meirforbruk på ca. 270. 000, samt at anslått kostnad for driftsovervåking har vært for låg og at nye stasjonar hadde ein noe høgare kostnad enn bare overbygg. Prosjektet er avslutta i 2020 med eit overforbruk på

kr 529.000 i høve prosjektramme og kr 729.000 i høve til budsjett 2020.

**0650 Driftsovervaking - pumpestasjonar.**

Prosjektramme kr 949.000. Budsjett 2020 kr 649.000. Rekneskap 2020 kr 731.000  
I k-sak 84/20 blei budsjettet for 2020 trekt ned med kr 300.000 utifrå tenkt progresjon på prosjektet. Dette syntet seg å vere ei feilvurdering. Prosjektet blir vidareført i 2021.

**0651 Driftsovervaking - pumpestasjonar.**

Prosjektramme kr 400.000. Budsjett 2020 0. Rekneskap 2020 0  
Prosjektet overført til 2021 for å avvente prosjektet til ein har kome lenger i arbeidet med å digitalt kartverk for leidningsnettet.

**0653 Utbyggingavtale - Øverlandsheia.**

Prosjektramme kr 9.740.000. Budsjett 2020 kr 9.733.000. Rekneskap 2020 kr 5.405.000  
Øverlandsheia trinn 1 (ca. 40 hytter) var ferdig i desember 2020 og ble kopla til kommunalt VA-nett bare nokre dagar før jul. Prosjektet er meir eller mindre avslutta i 2020. Ein må ha noe driftstid før ein kan seie om alt fungerer slik ein har tenkt. Prosjektramma omfattar og trinn 2 (også ca. 40 hytter). Trinn 2 vil bli starta på i 2021.

**0654 Utbyggingsavtale - Kragerøåsen.**

Prosjektramme kr 3.713.000. Budsjett 2020 kr 3.713.000. Rekneskap 2020 kr 822.000  
Prosjektet er forsinka og ble ikkje ferdig i 2020 slik planen var. Forseinkringa skuldast at det er bruka lengre tid enn antatt på internt nett i feltet, samt at ein på bakgrunn av grunneigar sin framtidige plan om utbygging i området måtte dimensjonere opp hovudleidningane. Dette førte igjen til ein omlegging av traseen til tilkoplingspunktet på eksisterande nett på Felehovet Nord. Prosjektet overføras til 2021 og det er forventa at ein er ferdig vår/forsommar 2021.

**0655 Båt til VA-avdelinga og brannvesen (50/50).**

Prosjektramme kr 338.000. Budsjett 2020 kr 338.000. Rekneskap 2020 kr 337.000  
Båt er kjøpt inn og prosjektet er avslutta 2020.

**0656 Nye bekkenspylarar på NOS.**

Prosjektramme kr 288.000. Budsjett 2020 kr 288.000. Rekneskap 2020 kr 280.000  
Prosjektet blei gjennomført som eit smitteverntiltak. Utstyret kjøpt inn og prosjektet er avslutta.

**0658 Ny feiemaskin til traktor.**

Prosjektramme kr 105.000. Budsjett 2020 kr 105.000. Rekneskap 2020 kr 104.000

Feiemaskin er kjøpt inn og prosjektet er avslutta i 2020.

**0659 Treungen renseanlegg – ombygging sentrifuge.**

Prosjektramme kr 350.000. Budsjett 2020 kr 350.000. Rekneskap 2020 kr 315.000

Sentrifuge er montert og teke i bruk. Prosjektet er avslutta i 2020.

**0660 Kommunehuset – nye el-tavler.**

Prosjektramme kr 250.000. Budsjett 2020 0. Rekneskap 2020 0

Prosjektet er finansiert med «korona-midlar». Gjennomføring blei forseinka. Prosjektet overført til 2021.

**0661 Straumforsyning – Tesla-ladestasjon.**

Prosjektramme kr 200.000. Budsjett 2020 0. Rekneskap 2020 0

Same kommentar som på 0660.

**0662 Asfaltering - sentralidrettsanlegget .**

Prosjektramme kr 250.000. Budsjett 2020 kr 250.000. Rekneskap 2020 kr 250.000

Dette er eit samarbeidsprosjekt med Treungen idrettslag. Prosjektet er avslutta i 2020.

**0663 Utlån til Landvik veglag.**

Prosjektramme kr 400.000. Budsjett 2020 0. Rekneskap 2020 0

Veglaget utsette gjennomføring til 2021.

**VA-Gautefallheia:**

**0535 VA-Gautefallheia-Trinn 4 – Drangedal avløp.**

Prosjektramme kr 8.800.000. Budsjett 2020 kr 100.000. Rekneskap 2020 kr 67.000

Prosjektet gjeld omlegging av leidningsnett frå Gautefall hotell og ned til Gautefall RA.

Mot slutten av 2020 fikk ein signert siste grunneigaravtala i Drangedal kommune. Oppdraget måtte då lysas ut på nytt pga. at det tok alt for lang tid mellom tildeling og oppstart.

Kontrahering skjer i starten av 2021.

**0652 Forprosjekt nytt reinseanlegg.**

Prosjektramme kr 750.000. Budsjett 2020 kr 750.000. Rekneskap 2020 kr 680.000

Det er oppretta og konstituert ei ny interkommunal styringsgruppe for arbeidet 06.05.2020.

Oppdraget er å utgreie plassering av nyttre reinseanlegg. Arbeidet vil m.a. omfatte gjennomgang av grunnlagsdata og eksisterande rapporter. Styringsgruppa vil legge fram sitt arbeid i løpet av 2021, som vil vere med å danne beslutningsgrunnlag for kommunestyret.

**0657 Høgdebasseng Tveit (Treungen).**

Prosjektramme kr 12.000.000. Budsjett 2020 kr 300.000. Rekneskap 2020 kr 228.000

Arbeidet i 2020 er avgrensa til prosjektering og kontakt med aktuelle grunneigarar for plassering av høgdebassenget. Før bygging blir sett i gang vil det bli lagt fram sak som avklarar kapasitet og plassering.

**Udekka sum investering:**

Investeringsrekneskapen for 2018 blei gjort opp med eit udekka meirforbruk på kr 2.420.000. Dette skulle vore teke omsyn til/dekka inn i løpet av 2019. Dette er derfor ikke gjort og må derfor ordnast opp i/finansierast i 2020. Det same gjeld udekka meirforbruk i 2019 på kr 52.000. Totalt må ein då finne inndekning for 2.472.000 i udekka beløp i investeringsrekneskapen.

## **4. Driftsrekneskapen (jf. øk. oversikt, bevilgningsoversikt netto ramme pr. rammeområde og note 17)**

### **Økonomisk oversikt drift**

Oversikten syner at driftsinntektene har hatt ein nedgang på 0,44% frå 2019 til 2020. (utgjer 0,9 mill.). Bakgrunn her er samansett. Rammetilskot har hatt ein vekst på 7,2 mill. På andre overføringer og tilskot frå staten er det ein nedgang på 5,5 mill. Her er integreringstilskotet det mest sentrale. Av andre større utslag kan nemnas reduksjon av sals- og leieinntekter på 2,5 mill. der nedgang på tilkoplingsavgifter VA er hovudforklaringa. Desse er redusert med 3,6 mill. frå 2019 til 2020. Ein nedgang i inntekter på 0,44% kan gje eit uttrykk for at det samla handlingsromet til Nissedal kommune er redusert. Når driftsutgifter samstundes har auka med 0,64% (1,3 mill.), gir dette ei negativ økonomisk utviklinga frå 2019 til 2020 .Dette gis seg uttrykk ved at både brutto driftsresultat og netto driftsresultat har hatt ei negativ utvikling frå 2019 til 2020.

Om ein ser på netto driftsresultat, som gjerne er det kommunane blir målt på for å vurdere den økonomiske stoda/utviklinga, så har dette gått frå -2,8% (negativt) i 2019 til -3,03% (framleis negativt) i 2020. Det negative resultatet i 2019 er blitt forverra i 2020 og føyer seg inn i ei rekke med därlege netto driftsresultat. Som nemnd innleiingsvis kan var noko av forklaringa til det negative driftsresultatet knytast til underskot på VA-sektoren. Rekneskapen syner at bruk av sjølvkostfond utgjer 4 mill. Tek ein høgde for dette i høve til berekning av netto driftsresultat kan ein seie at netto driftsresultat eksklusiv VA var for rekneskapen 2020 -1% (negativt).

Innafor sjølvkost VA har tidlegare år sett ned gebyra/redusert inntektene og dei siste åra ikkje auka dei. Dette har gjort til at ein finansierer drifta her med opparbeidde sjølvkostfond. Dette er ein ønskja utvikling, og noko ein er pålagt i høve til reglar kring sjølvkost. Innafor kloakk blei det bruka 2,1 mill. av opparbeidde sjølvkostfond. På vatn blei det bruka 1,8 mill. til sjølvkostfond.

Rekneskapsmessig meirforbruk var på kr 372.000. Bakgrunn/detaljer kring dette meirforbruket vert kommentert under.

### **Bevilgningsoversikt – Sentrale inntekter og avsetnader, finansinntekter og –utgifter**

#### Generelle driftsinntekter

Skatteinngangen blei i opphavleg budsjett sett til 38,7 mill. Dette var 1,4 mill. meir enn justert budsjett 2019 (utgjer ein budsjettrett vekst på 3,8%). Anslag på skatteinngangen blei i tertialkontrollar redusert med 3 mill. Dette på bakgrunn av utvikling i skatteinngang i løpet av året. Skatteinngang ved utgangen av året blei 35,7 mill. Dette var kr 4.000 under budsjett. Naturressurskatt blei 7,3 mill. (kr 70.000 under budsjett).

I opphavleg budsjett var det lagt til grunn 70,6 mill. i rammetilskot. På bakgrunn av endring av skatteansлага i tertialkontrollane og «korona-kompensasjon» blei anslaget på rammetilskot justert opp til 73,6 mill. Rekneskapen synte 74,4 mill. i rammetilskot, 0,7 mill. meir enn justert budsjett.

I opphavleg budsjettet var det lagt til grunn 13,4 mill. i eigedomsskatt. Rekneskapen synte ei inntekt på eigedomskatt kr 38.000 over budsjett. Inngang eigedomskatt fordeler seg med 1,4 mill. på næringsbygg/kraftnett, 6 mill. på kraftverk og 6 mill. på hus/hytter.

I opphavleg budsjett var integreringstilskotet sett til 6,1 mill. I tertial blei dette justert opp på til 6,2 mill. På bakgrunn av personar som flytta i løpet av året synte rekneskapen 5,2 mill. Med andre ord 1 mill. under budsjett. Det er periodisert integreringstilskot på 1,6 mill. på bakgrunn

av lang sakbehandlingstid hjå IMDI og manglande svar ved årsskifte. Men dette er krav som vert vurdert er liten usikkerhet ved.

Totalt blei generelle driftsinntekter kr 137.953.000, som er 0,3 mill. mindre enn budsjettet.

Netto finansinntekter/-utgifter

Renteinntekter blei kr 828.000 som er kr 110.000 meir enn budsjettet. I 1. tertial blei renteinntekter justert ned med kr 565.000 på bakgrunn av generell nedgang i rentenivå.

Utbytte frå selskap blei kr 928.000, som var kr 53.000 meir enn budsjett. Utbytte frå VTK blei i samsvar med budsjett (kr 875.000). I samband med omorganisering av revisjonen (danning av nytt selskap) blei eigenkapitalen utbetalt til eigarane. For Nissedal ugorde dette kr 53.000. Tilsvarande sum blei overført nytt selskap, men dette er førd under rammeområde felles.

Avdrag på innlån hadde eit mindre avvik på kr 7.000 i høve til budsjett og rekneskapen synte kr 8.356.000. Avviket skuldast at det ikkje var teke høgde for at avdrag på vidareutlån skal førast i investeringsrekneskapen. Renteutgifter på innlån var i opphavleg budsjett sett til kr 5.845.000. Dette blei justert ned med kr 2,6 mill. i 1. tertial, då budsjettet innlånsrente blei redusert frå 2,4% til 1%. Renteutgifter på innlån ved utgangen av året var kr 136.000 over budsjett. Samla for heile kommunerekneskapen var renteutgifter kr 141.000 over budsjett. Dette er inklusiv forseinkingsrenter o.l.

I sum har netto finansutgifter eit mindreforbruk på kr 30.000.

Disponering/dekking av netto driftsresultat

I budsjettet var det lagt til grunn ei overføring til investering på kr 360.000, knyt til finansiering av eigenkapitalinnskot til KLP. Dette er stroke som del av årsoppgjerdidisposisjonar og dette må då finne si løysing i 2021-budsjettet.

Netto avsetnad/bruk av bundne driftsfond var i budsjettet sett med netto bruk på kr 3.754.000. Rekneskapen syner netto bruk på kr 1.125.000. Avviket her på 2,6 mill. skuldas m.a.:

- Udisponerte korona-midlar/vedlikehaldstiltak avsatt under felles (kr 567.000)
- Unytta koronamidlar, støtte næringsliv, avsett under næring (kr 1.022.000)
- Avsetning sjølvskostfond plan (kr 210.000)

Netto avsetnad/bruk disposisjonsfond er i justert budsjett sett opp med netto bruk på kr 4.954.000. Dette var er bruk og avsetning av mindreforbruket frå 2019 på kr 3.781.000 og bruk av disposisjonsfond for å saldere 2020 budsjettet på kr 4.954.000. I opphavleg budsjett var det lagt inn bruk av felles buffer på 2,3 mill. Dette blei auka til nær 5 mill. i løpet av året. Største enkeltmomenta i høve til å auke bruken av felles buffer i løpet av året var nedgang i konsesjonskraftinntekter og skatteinntekter. Rekneskapen synte netto bruk av disposisjonsfond på kr 4.966.000. Dette på bakgrunn av at avsetning av mindreforbruket frå 2019 blei redusert med kr 12.000 i samband med årsoppgjerdidisposisjonar.

Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde

Totalt syner rekneskapen kr 126.973.000 i sum nettoramme for alle rammeområde. Dette mot justert budsjett på kr 126.909.000. Dette vil seie eit meirforbruk på 0,05%. Men sjølv om totalen er tett opp til budsjettet er det likevel store variasjonar rammeområda i mellom.

Plankontoret har ein forbruksprosent på 61 i høve til netto ramme, mens omsorg har ein forbruksprosent på 104. Bakgrunn/moment for avvik innafor dei ulike rammeområda kjem fram under.

### Rammene pr. rammeområde

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjetttramma og budsjettavvik (over kr 50.000) vert i det etterfylgjande kommentert. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivingar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje kommentert. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet.

(I oppsettet under er auke av budsjetttramme markert med + og reduksjon av ramme med -).

### Felles

Dei viktigaste tiltaka i budsjettvedtaket var:

- Auke konsesjonskraftinntekter –kr 1.584.000
- Skatteoppkrevjar statleg frå juni -20 –kr 205.000
- iPad politikarar kjøpt inn –kr 50.000
- Auke utgifter nytt reglement politikargodtgjering +kr 110.000
- Auke utgifter nytt innkjøpssamarbeid +kr 132.000
- ADMU-sak 6/18 løyst innan juni -20 –kr 200.000
- Ikkje val i 2020 –kr 100.000
- Nytt avviks-/kvalitetssystem +kr 50.000
- Renter/avdrag Fellesrådet +kr 62.000
- Overføring Fellesrådet red. 2% -kr 50.000
- Dekke adm. utg. renovasjon –kr 170.000
- Red. ressursinnsats integrering (fordelast) –kr 900.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Red. av konsesjonskraftinntektene +kr 2.256.000
- Red. av felles lønspott –kr 2.250.000
- Red. ressursinnsats integrering fordelt +kr 900.000
- Statleg overtaking skatteoppkrevjar utsatt +kr 230.000
- Avsett pott til lokalt næringsliv +kr 2.000.000
- Pott til lokalt næringsliv erstatta av statleg ordning –kr 2.000.000
- Advokatutgifter tilbakekjøp næringstomt +kr 75.000
- Oppfølging ADMU-sak 6/18 forlenga ut året +kr 224.000
- Auke utg. andre trudomssamfunn +kr 60.000
- Konsulenthjelp – konsesjonsgrense 0 +kr 100.000

Felles har eit meirforbruk på kr 86.000 (avvik 0,56%). Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Konsesjonskraftinntekter under budsjett kr 571.000
- Avsetning kraftfond over budsjett kr 50.000
- Lærlingar/kompetanseprogram utgifter under budsjett kr 96.000
- Lønspott heile kommunen – ikkje disponert kr 56.000
- Konsulenthjelp 0-konsesjons ikkje disponert kr 100.000
- Juridisk bistand førd i investering – ikkje disponert kr 47.000
- Kostnad skatteoppkrevjarfunksjon under budsjett – kr 102.000
- Felleskostnader IKT under budsjett – kr 144.000

### Eining for skule

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Reduksjon av 100% lærarstilling frå 01.08.20 –kr 260.000
- Kombinasjonsklasse avslutta –kr 140.000
- Husleige mellombels løysing Kyrkjebygda trekt ut –kr 150.000
- Skyssutgifter vaksenopplæringa trekt inn –kr 54.000
- Spesialpedagogiske tiltak +kr 2.813.000
- Statstilskot vaksenopplæring redusert +kr 671.000
- Deltaking MOT skuleåret 2019/2020 +kr 61.000
- Auke skyssutgifter + kr 100.000
- Statstilskot tidleg innsats/lærartetthet lagt i rammetilskot +kr 425.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke skyssutgifter +kr 100.000
- Innføring av Visma-flyt +kr 55.000
- Lisensar ved innføring av nettrett +kr 100.000
- Grunnskuleopplæring for vaksne
- Forlenga leigeperiode Kyrkjebygda oppvekstsenter +kr 80.000
- Spesialpedagogiske tiltak +kr 594.000
- Reduserte inntekter SFO «korona-stengt» +kr 65.000
- Reduksjon av 150% stilling vaksenopplæring frå 1/7 –kr 510.000
- Vakanse i skuleleiing –kr 319.000
- Nye smart-board +kr 150.000

Eining for skule har eit mindreforbruk på kr 1.007.000 (avvik 3,32%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Låg aktivitet frå mars–red. driftsutg. kurs, undervisningsmatr. m.m kr 400.000
- Sjukepengar/fødselspengar over budsjett/ikkje leigd inn vikar – kr 530.000
- Auke i inntekter, hovudsak ref. gjesteelevar kr 100.000

### Eining for barnehage

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Ei barnehage lagt ned 01.08.20 – innsparing -kr 520.000
- Reduksjon av 100% fagarbeider/pedagog frå 01.08.20 -kr 230.000
- Reduksjon av 30% fagarbeider frå 01.01.20 -kr 165.000
- Auke av eigebetaling jf. auke makspris kr -76.000
- Heilårsverknad Fjone barnehage +kr 1.079.000
- Reduksjon av spesialpedagogiske tiltak –kr 295.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke kostnader Visma-flyt +kr 70.000
- Reduserte inntekter ved «korona-stengte» barnehagar +kr 215.000
- Reduksjon av 100% 2-språkleg medarbeider 01.08.20 –kr 220.000
- Ledige lønsmidler/vakanse trekt ut –kr 116.000
- Innsparing utover budsjett, nedlegging Haugsjåsund barnehage –kr 427.000

Eining for barnehage har eit meirforbruk på kr 103.000 (avvik 0,62%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirforbruk vikar/overtid/løn ved høgt sjukefråvær-heile rammeområde kr 217.000
- Inntekter opphaldsbetaling primært Felle/Kyrkjebygda under budsjett kr 78.000
- Mindreforbruk matvarer/undervisningsmateriell – lågare aktivitet kr 83.000
- Mindreforbruk opplæring/kurs kr 101.000

### Eining for kultur

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Laurdagsope ungdomsklubb vidareført (fin. fellespott) +kr 90.000
- Trekt inn pott til generelt integreringsarbeid –kr 50.000
- 40% engasjement flyktingkonsulent avslutta –kr 135.000
- Reduksjon introduksjonsstønad –kr 1.600.000
- Støtte til Nissedalskoret utbetalt –kr 50.000
- Kontigentkasse +kr 60.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Reduksjon av 60% stilling 2-språkleg medarbeidar frå 01.06.20 –kr 125.000
- Tilskot frå NAV, mentorordning – trekt inn –kr 62.000

Eining for kultur har eit meirforbruk på kr 41.000 (avvik 0,92%). Dette kan knytast til følgjande moment:

- Meirforbruk introduksjonsordning pga. strakstiltak korona kr 97.000
- Meirforbruk konsulentverksemder etablering klatrevegg kr 100.000 (blir ref. i 2021).
- Mindreforbruk bibliotek fordelt på løn og innkjøp kr 53.000
- Mindreforbruk løn musikk-/kulturskule pga. vakanse/korona kr 85.000

### Eining for helse og habillitering

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Red. av stilling – turnusgjennomgang Kåsa – ca. 20% -kr 125.000
- Reduksjon av min. 30% stilling frå 01.07.20 –kr 100.000
- Vakanse legekontor trekt inn -kr 360.000
- Høgna innslagspunkt ressurskrevjande brukarar +kr 200.000
- Interkommunal psykolog (lovpålagt) +kr 150.000
- Auke utgifter legevakt/kommunal øyeblikkeleg hjelp +kr 250.000
- Møbler Mila kjøpt inn –kr 60.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Mindreinntekter legekontor pga. korona kr 470.000
- Lønsmidlar einingsleiar helse/hab. trekt inn (jf. adm. omorg.) –kr 532.000
- Auke adm. ressurs avd. leiar Kåsa 20% (jf. adm. omorg.) +kr 150.000
- Auke kostnad legevakt/kommunal øyeblikkeleg hjelp +kr 90.000
- Reduserte utg. barnevernstiltak –kr 400.000
- Tilskot ressurskrevjande brukarar redusert +kr 1.000.000
- Utgifter brukarstyrt personelg assistanse redusert –kr 500.000

Eining for helse og habilitering har eit meirforbruk på kr 861.000 (avvik 3,21%). Dette kan knytast til følgjande moment:

- Meirutgifter legevakt/kommunal øyeblikkeleg hjelp kr 162.000
- Statstilskot ressurskrevjande brukarar under budsjett kr 85.000
- Lønsutgifter Kåsa over budsjett (dels forklart red. 1/7 ikkje gjennomført) kr 494.000
- Meirutgifter psykiatri (løn, støttekontakt, div.tiltak) kr 111.000

### Eining for omsorg

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Reduksjon av 150% stilling frå 01.07.20 -kr 375.000
- Reduksjon av 30% stilling vaskeri etter ombygging frå 01.07.20 –kr 75.000
- Auke pris på middagslevering med kr 20 –kr 50.000
- Etablering av dagsenter for personar med demens +kr 145.000
- Høgna innslagspunkt ressurskrevjande brukarar +kr 50.000
- Auke i utgifter til mat over ord. prisvekst +kr 80.000
- Etablering av nattevaktteam til brukar +kr 1.440.000
- Reduksjon av eigenbetaling/inntekter +kr 625.000
- Omn kjøkken kjøpt inn –kr 70.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke utgifter med. Forbruksmatriell/smittevernustyr +kr 150.000
- Ekstrautgifter vikar m.m. kr 515.000
- Auke adm.tid avd.leiarar – 40% (jf. adm. omorg.) +kr 210.000

Eining for omsorg har eit meirforbruk på kr 1.136.000 (avvik 4%). Dette kan knytast til følgjande moment:

- Kostnad tiltak ressurskrevjande meir enn tilførd i ramme 89.000.
- 30% reduksjon av stilling vaskeri ikkje gjennomført kr 75.000
- Overtid over budsjett pga. høgt kortidsfråvær kr 295.000
- Overforbruk på ulike lønspostar fordelt på fleire avd. (størst på somatisk) kr 300.000
- Opphalde/brukarbetalingar under budsjett kr 96.000
- Utgifter med. forbr.matr/medikament (inkl. smittevernustyr) over budsjett kr 120.000
- Vedlikehald bil over budsjett pga. eldre bilpark kr 45.000
- Utgifter over budsjett reinhaldsmatr./arbeidstøy/tekstilar (pga. korona) kr 100.000

### Eining for teknisk drift

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Red. FDV-utgifter ved å legge ned ein barnehage -kr 150.000
- Reparasjon kjøle på omsorgssenteret +kr 80.000
- Auke av feieavgift til sjølvkost og dekke underskot frå 2019 –kr 125.000
- Utbetring kontor for NAV på kommunehuset – kommunal del +kr 72.000
- Kommunal delfinansiering fellesveg byggeområde Nordbygd +kr 50.000
- Auke av bruk kraftfond – finansiering kommunal veg/Fjoneferja –kr 80.000
- Bortfall av husleige 2 bustader ikkje rehabilert (Oddane) +kr 100.000
- Prisauke straum utover prisvekst +kr 700.000
- Utbetring kjellar NOS og ny motor kjøle kjøkken NOS gjennomført –kr 155.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Red. leigeinntekter pga. kommunale bustader stått tome +kr 200.000
- Utbetring trygdebustad Framnes +kr 300.000
- Asfaltering ved utleigebustader +kr 64.000
- Utbetring etter brannsyn Tveit skule +kr 95.000
- Led-armatur Fleirbrukshuset +kr 80.000
- Utbetring gatelys Smeitkollen +kr 72.000
- Reduksjon av kostnad straum –kr 700.000
- Tilpassing Tveit skule, jf. spes.ped. tiltak +kr 57.000
- Utgifter beredskapsarbeid covid-19 +200.000
- Røykdykkarutstyr +kr 92.000
- Areal brygge Fjonesund (kjøp/adv.utgifter) +kr 170.000
- Sommarvikarar (korona-tiltak) +kr 110.000
- Utbetring solskjerming murbygg Tveit skule +54.000
- Utgifter beredskapsarbeid +kr 150.000

Eining for teknisk drift har eit meirforbruk på kr 252.000 (avvik 1,99%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirutgifter og mindreinntekter feiing kr 400.000
- Vedlikh. bygg/anlegg (rep. vent.anl./el.anlegg etter tilsyn) over budsjett kr 210.000
- Husleige kommunale bustader under budsjett jan. inntektsført i 2019 kr 170.000
- Kostnad utrykkingar brannvesen under budsjett (færre utrykkingar) kr 263.000
- Kostnad overføring til Vest-Telemark brannvesen under budsjett kr 159.000
- Kurs/opplæring brannvesen under budsjett kr 71.000

Ymse prosjekt:

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Reg.plan Treungen sentrum / Framnes øvre / Jettegrytene +100.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Ingen

Ymse prosjekt har eit mindreforbruk på kr 100.000 (avvik 100%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Arbeidet med dei aktuelle reguleringsplanane utsatt til 2021.

Sjølvkost Vatn og Kloakk (sjå også Note 13 i årsrekneskapet)

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Ramme red. på bakgrunn av høgare avskrivningsgrunnlag/kalk.renter kr 3.019.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Auke ramme pga. red. rentenivå endra og avskrivningsgrunnlag kr 1.900.000

Sjølvkostområdet VA har eit mindreforbruk på kr 655.000 (avvik 9,25%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Ny berekning av adm. utgifter og endra føresetnader renter/avskrivningar i høve til budsjett

Interkommunalt plankontor

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Reduksjon av konsulentstilling 60% (Nissedal sin del) –kr 104.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Nedgang i inntekter oppmåling pga. lågare aktivitet +kr 300.000

Plankontoret har eit mindreforbruk på kr 236.000 (avvik 38,98%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirinntekter oppmåling over budsjett (som blei justert ned) kr 255.000
- Meirinntekter byggesak kr 88.000
- Lønsutgifter oppmåling kr 163.000 under budsjett.
- Avsetning til sjølvkostfond byggesak (innafor ramme) kr 210.000
- Avgifter/lisensar oppmåling over budsjett kr 80.000

**NAV:**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Antatt effekt på øk. sosialhjelp ved red. av intro.stønad +kr 500.000
- Effekt sosialhjelp for tiltaket "Re-start" -kr 100.000
- Dekning av kostnad SFO, breiband ved deltaking intro.prog. avslutta -kr 98.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Redusert utgifter øk. sosialhjelp -kr 370.000
- Red. kostnad drift kontor -kr 70.000
- Redusert omfang re-start -kr 300.000

NAV har eit mindreforbruk på kr 347.000 (avvik 11,11%). Dette kan knytast til følgjande moment:

- Mindreforbruk økonomisk sosialhjelp kr 230.000
- Mindreforbruk kostnad drift kontor kr 150.000
- Meirforbruk re-start kr 61.000

**Næring/reiseliv**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var :

- Kommunal del prosjektet «Nyskapande vekst i Nissedal» (næringsfiskar) +kr 350.000  
Laurdagsope fritidsklubb finansiert av fellespott -kr 90.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Utvida ordning med lønstillskot sommarvikarar (korona-tiltak) +kr 55.000
- Tilstokt frå fylke/stat (korona-midler): mobiliserande/kvalifiserande tiltak 1.100.000

Næring/reiseliv har eit mindreforbruk på kr 57.000 (avvik 9,1%). Dette kan knytast til følgjande moment:

- Meirforbruk 2019 prosjekt Telemarskvegen «dekt inn» kr 44.000

**Måltall**

I budsjettet for 2020 var det ikkje sett opp eigne måltall. Men ved å ta måltalla frå 2021-budsjettet og halde opp mot 2020-rekneskapen gir dette eit bilet av stoda i høve til oppnåing av måltalla:

- Netto driftsresultat skal vere betre enn 1,75%.  
Dette måltallet er ikkje oppnådd då resultatet er eit negativt resultat på 3,03%.
- Disposisjonsfond skal utgjere 5% av generelle driftsinntekter.  
Driftsinntekter var kr 201.002.000 og disposisjonsfond var kr 4.925.760. Dette utgjer 2,45%. Dette måltallet er dermed ikkje oppnådd.
- Langsiktig gjeld skal ikkje overstige 250% av generelle driftsinntekter.  
Driftsinntekter var kr 201.002.000 og langsiktig gjeld (eksl. pensjonsforpliktingar) var kr 259.558.000. Langsiktig gjeld utgjer 129% i høve til driftsinntekter. Dette måltallet er oppnådd med god margin.
- 100% inndekning på sjølvkostområde.  
Måltallet tek omsyn til bruk av sjølvkostfond. Sjølvkost område som ikkje har full inndekning og fond til å dekke inn underskot med er: feiling (kr 431.639), byggesak (kr 295.059), slam (kr 3.270) og renovasjon (kr 4.535). Måltall ikkje oppnådd.

## 5. Balansen

### 5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var pr. 31.12.20 37,7 mill. Dette er ein nedgang på 3,2 mill. frå 2019. Langsiktig gjeld (lån) var ved pr. 31.12.20 259,6 mill. mot 231,2 mill. i 2019, ein auke på omlag 12%.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2016	2017	2018	2019	2020
Husbanken	7 520	7 185	11 976	11 497	11 018
Sparebanken Sør	3 394	2 694	1 994	1 294	1 294
Kommunalbanken	113 872	137 432	131 222	194 311	186 991
KLP Kommunekredit	8 625	7 875	15 888	14 846	13 804
KLP	12 252	11 252	10 252	9 252	46 452
Totalt:	145 663	166 438	171 332	231 200	259 559

Auken i lånegjeld siste 5 år (114 mill.) er i stor grad knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100% dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra vore hovudbank på innlån for kommunen.

Ubruka lånemidlar har auka frå 19,3 mill. pr. 31.12.19 til 23,4 mill. 31.12.20. Hovudforklaringa til dette er at fleire investeringsprosjekt er blitt utsatt/forseinka, m.a. pga. korona. I opphavleg budsjett var bruk av lån sett til 49,8 mill. Dette blei justert ned i løpet av året og rekneskapen viste 32,5. Normalt blir det teke opp eit lån 1. halvår samla for heile investeringsrekneskapen og dette blei gjort også i 2020. I etterant av låneopptaket blei fleire investeringsprosjekt forseinka/utsett. Dermed blei det ein auke i ubruka lånemidlar. Konsekvensen økonomisk av dette er marginal med tanke på differansen i rente på innskot og lånerente.

### 5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2016	2017	2018	2019	2020
Arbeidskapital	49 423	56 521	50 597	54 426	55 071

Arbeidskapitalen har i 2020 auka med kr 645.000. Dette heng saman med nedgang omløpsmedel på 2,6 mill., samstundes som kortsiktig gjeld og er redusert med 3,2 mill. Reduksjon i omløpsmedel kan i hovudsak forklarast med nedgang kundefordringar med 7,6 mill. og forskotsbetalte leverandørkrav på 2,7 mill. Samstundes har bankinnskot ein vekst 7,8 mill. Reduksjon av kundefordringar kan dels forklarast med krav om anleggsbidrag som var høgare mot slutten av 2019 enn i 2020. Auken i bankinnskot kan dels knytast til auken i unyttalånemidlar (4,1 mill). Nedgang i kortsiktig gjeld er samansett, men det største enkeltmomentet er kortsiktig gjeld til kommunar/fylkeskommunar som er redusert med 3 mill. Hovudforklaringa er her endring av rutinar for fakturering/oppgjer ved felles NAV-kontor.

### 5.3 Uteståande fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringssystemet)

Allle tal i 1000	2016	2017	2018	2019	2020
Sum restanse	497	772	909	2 164	2 531
Eldre enn 6 mnd	12	30	14	158	391

Restansar totalt er auka med kr 367.000. Hovudforklaringa her er vekst i forfalte fakturaer knyt til kommunale avgifter, som har auka med kr 428.000 sidan 31.12.19. Dette henger saman med at større summar i tilkoplingsavgift på vatn/kloakk blei sendt ut seint i 2020 og at det er inngått nedbetalingsavtalar på mange desse krava. Når det gjeld restansar eldre enn 6 mnd. er kr 233.000 knyt til kommunale avgifter. Men noko av veksten i eldre fakturer kan knytast til korona og betalingsproblem hjå enkelte på bakgrunn av det.

### 5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øyremerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øyremerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar til føremål bestemt av politikarane og bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra.(Alle tal i tusen)

	2016	2017	2018	2019	2020
Bundne driftsfond	29 496	28 057	26 825	26 748	25 623
Ubundne investeringsfond	0	262	262	0	0
Bundne investeringsfond	1 622	2 050	512	1 534	2 137
Disposisjonsfond	4 226	10 274	10 386	5 479	4 296
SUM	35 344	40 643	37 985	33 761	32 056

Tabellen syner at samla fondsbeholdning siste år er redusert med 1,7 mill. og siste to år med 5,9 mill. Nedgangen siste år er i hovudsak knyt til disposisjonsfond (felles buffer). I perioden 2016-2018 er denne blitt bygd opp, men i 2019 og 2020 har ein «tæra» på denne reserven. Ved å «tæra» ytterligare på denne reserven vil gjere kommunen mindre rusta til å handtere uføresette moment i drifta. Kommunen har totalt ei stor fondsmasse der kraftfond utgjer «hovudtyngda».

## 6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp eitt nytt lån i 2020 på 38,2 mill. Dette lånet blei teke opp i KLP-banken etter ordinær anbodsrunde. Låneopptaket var knyt til vedtekne investeringar.

Rapportering for passiva:

	31.12.2020		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	259,6 mill.	1,3%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	259,6 mill.		
Effektiv rente (vekta gj.sn.)		1,3%	
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)		(ikkje aktuelt)	
Tal på enkeltlån		13	
Største enkeltlån		69,1 mill.	

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2020		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	59,3	0,85%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsliktig likv.	0		
Avkastning 2020	0,47		
Avkastning	Ukjent		
Stadfesting av enkeltekspionering ≤ 2% av forvaltningskapital		Ikkje aktuelt	
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.		Ikkje aktuelt	
Største tidsinnskot		Ikkje aktuelt	
Største enkeltpapirplassering		Ikkje aktuelt	

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert i hovudsak teke opp med ei nedbetalingstid på 30 år. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansreglement opp til ei særslig risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2020 og kommunen har derfor fortsatt ein låg risikoeksponering. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærmare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

## 7. Likestilling

### 7.1 Kjønnsfordeling

Kjønnsfordeling	2018		2019		2020	
(fordeling kjønn pr. org. eining)	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Ordførar/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, Rådmann, plansjef, inngår og i tala under)	41,7%	58,3%	45,46%	54,54%	25%	75%
Felles/rådmann/ordførar/tillitsvalte	64,7%	35,3%	57,15%	42,85%	62,5%	37,5%
Eining for skule	82,5%	17,5%	77,77%	22,23%	70,8%	29,2%
Eining for barnehage	95,5%	4,5%	97,87%	2,13%	94,3%	5,7%
Eining for kultur	40%	60%	38,46%	61,54%	33,3%	66,7%
Eining for helse og habillitering	80,4%	19,6%	87,3%	12,7%	83,6%	16,4%
Eining for omsorg	97,1%	2,9%	94,59%	5,41%	93,9%	6,1%
Eining for teknisk drift	26,5%	73,5%	26,47%	73,53%	31,3%	68,8%
Plankontor	50%	50%	40%	60%	40%	60%
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>77,2%</b>	<b>22,8%</b>	<b>77,97%</b>	<b>22,03%</b>	<b>73,9%</b>	<b>26,1%</b>

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjer fleirtalet. Men totalt har forskjellen mellom kvinner og menn blitt noko redusert i løpet av 2020. I dei fleste einingane at kvinneandelen er gått ned, med unntak av teknisk eining. Men her er det overvekt av menn slik at dette og dreg i retning av utjamning mellom kjønn. Etter ny administrativ organisering er det blitt klar overvekt av menn i leiinga av kommune. Ein ser at nokon einingar skil seg ut med å ha ein særskilt kjønnsfordeling som omsorg og barnehage. Kommunen kan bli betre til å oppmøde menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal.

### 7.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2018		2019		2020	
	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	3	399	75	666	5	896
Eining for skule	0	0	0	0	0	0
Eining for barnehage	90	929	251	1.108	240	732
Eining for kultur	0	1.629	36	2.552	17	1.116
Eining for helse/habillitering	725	31.134	2.206	24.390	899	23.623
Eining for omsorg	841	36.603	1.296	31.272	2.128	30.142
Eining for teknisk drift	1.773	0	1.155	0	922	0
Plankontor	0	0	0	0	0	0
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>3.432</b>	<b>70.694</b>	<b>5.021</b>	<b>59.988</b>	<b>4.211</b>	<b>56.509</b>

Tabellen syner tal på timer det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timer det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein reduksjon i bruk av overtid og det er helse/habillitering og omsorg som står for storparten av denne reduksjonen. For omsorg er det ei vekst i bruk av overtid gjennom heile 3-årsperioden. Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. På bakgrunn av at desse 2 einingane og har hovudsakleg kvinnelege tilsette er det også ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

### 7.3 Lønsnivå

Lønsnivå – Kjønn	2018		2019		2020	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	Kr 432.045	Kr 684.283	Kr 463.963	Kr 709.700	Kr 504.770	Kr 711.950
Eining for skule	Kr 489.047	Kr 544.910	Kr 509.069	Kr 556.208	Kr 520.603	Kr 530.879
Eining for barnehage	Kr 427.676	Kr 420.000	Kr 440.937	Kr 320.900	Kr 463.330	Kr 315.350
Eining for kultur	Kr 451.000	Kr 462.744	Kr 506.600	Kr 436.400	Kr 530.600	Kr 478.150
Eining for helse og hab.	Kr 447.604	Kr 458.355	Kr 454.975	Kr 500.938	Kr 466.224	Kr 494.433
Eining for omsorg	Kr 425.304	Kr 522.600	Kr 436.647	Kr 517.500	Kr 436.841	Kr 558.367
Eining for teknisk drift	Kr 437.033	Kr 491.824	Kr 445.533	Kr 497.044	Kr 445.670	Kr 488.418
Plankontor	Kr 529.367	Kr 612.333	Kr 602.000	Kr 629.667	Kr 603.800	Kr 638.567
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>Kr 445,846</b>	<b>Kr 484.444</b>	<b>Kr 460.521</b>	<b>Kr 524.439</b>	<b>Kr 474.140</b>	<b>Kr 522.915</b>

(Snittløn vert rekna uavhengig av stillingsstorleik).

Tala er berekna utifrå årsløn pr. 31.12. i 100% stilling. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget.

Snittløn for heile kommunen (menn og kvinner samla) er kr 486.872. Dette er omlag kr 12.000 høgare enn i 2019, som utgjer ein vekst på 2,5%. Som ein ser ligg gjennomsnittsløna for menn over kvinner, totalt for heile kommunen. Lønsskilnaden på kvinner og menn i kroner har frå 2019 til 2020 blitt noko redusert. I 2020 er gjennomsnittleg løn for kvinner på 91% mot 88% i 2019.

I 6 av 8 område er snittløn til menn høgare enn snittløn til kvinner. I fleire einingar er det få tilsette i kjønnsgruppa det er færrest av, og lønsnivået kan henge direkte saman med ei eller få konkrete stillingar. Lønsnivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetansegruppene i kvar eining. T.d. er kvinner betydeleg overrepresentert blant ufaglærte og assistenter.

## 7.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2018		2019		2020	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	66,4%	88,7%	83,8%	89,3%	77,5%	89,3%
Eining for skule	70,4%	91,3%	77,7%	83,9%	82,4%	90,6%
Eining for barnehage	76,5%	100%	77,7%	85%	79,4%	72,5%
Eining for kultur	41,3%	36,1%	58,3%	27,3%	67,6%	50,5%
Eining for helse og habillitering	65,6%	58,6%	63,6%	58,8%	62,7%	54,1%
Eining for omsorg	54,2%	87,5%	51,7%	81,8%	67,6%	85%
Eining for teknisk drift	86,7%	31,3%	88,9%	33,7%	83%	37,4%
Plankontor	93,3%	100%	100%	100%	100%	100%
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>65,8%</b>	<b>56,9%</b>	<b>67,1%</b>	<b>56,5%</b>	<b>72,9%</b>	<b>63,3%</b>

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er 70,4% mot 64,8% i 2019.

Ein ser at både kvinner og menn har fått auka sin stillingsandel. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Ein viktig faktor her er deltidsbrannvesenet, som har 16 menn tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette er gjennomsnittleg stillings-% for menn, 83,5%, som er ca. 10,6 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for kvinner.

Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje fullt ut teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men i stor grad er bruken av deltid i kommunen frivillig.

## 7.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

I budsjettet for 2020 var det avsett felles opplæringspott på kr 300.000. Denne potten blei fordelt av AMU i sak 8/20 slik:

Eining for skule – vidareutdanning lærar og prosjektdeltaking kr 90.000  
Eining for teknisk – sertifikat blålyskøyretøy kr 90.000  
Eining for helse og habilitering – spesialisering lege kr 50.000  
Eining for barnehage – master og fagkurs.

Totalt blei det brukt kr 401.000 til opplæring/kurs/møteutgifter totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet kr 917.000.

## 7.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av kvotering eller andre vedtekne rekrutteringsstrategiar.

## 8. Fråvær

Sjukefråvær:	2016	2017	2018	2019	2020
Felles/rådm./till.v./ordf.	2,10%	6,29%	4,82%	3,54%	8,42%
Eining for skule	5,66%	7,84%	4,85%	3,4%	7,02%
Eining for barnehage	9,05%	8,31%	5,2%	11,29%	9,24%
Eining for kultur	2,79%	1,2%	1,11%	4,14%	4,52%
Eining for helse og hab.	8,18%	4,29%	1,66%	5,91%	2,14%
Eining for omsorg	7,37%	9,71%	7,87%	5,74%	10,25%
Eining for teknisk drift	12,5%	4,35%	8,22%	4,45%	7,71%
Plankontor	7,82%	2,09%	1,11%	9,68%	0,51%
Sjølvkost vatn/kloakk	1,22%	0,95%	3,17%	3,01%	0,33%
Næring	1,03%	0,42%	2%	0%	0%
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>7,21%</b>	<b>6,83%</b>	<b>4,88%</b>	<b>6,1%</b>	<b>7,05%</b>

2018 er einaste året i 5-årsperioden der ein klarte å oppfylle IA-målet om å ikkje overstige 5% i sjukefråvær. Sjukefråværet i 2020 var samansett av korttidsfråvær på 2,02% og langtidsfråvær på 5,03% (langtidsfråvær er fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar). Sett i lys av at 2020 var eit «korona-år» er ein oppgang i sjukefråvær frå 2019 på 1 prosentpoeng ikkje så urovekkande. Eit særskilt positivt moment må seiast å vere helse og habilitering med eit sjukefråvær på 2,14%.

## 9. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningslinjer, som er vedteke i K-sak 26/08. Etiske retningslinjer blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningslinjer.

## 10. Årsverk og lønsnivå

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2018	2019	2020	Utv. 2018-2020
Ordførar	1,00	1,00	1,00	0
Rådmann/felles/næring	12,42	12,06	12,11	-0,31
Eining for skule	42,23	44,71	40,7	-1,53
Eining for barnehage	34,14	34,57	27,64	-6,5
Eining for kultur	5,72	5,09	5,06	-0,66
Eining for helse og hab.	35,97	35,4	33,7	-2,27
Eining for omsorg	35,8	35,05	33,65	-2,15
Eining for teknisk drift	15,62	16,42	16,52	0,9
Plankontor	5,80	5,00	5,00	-0,8
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>188,7</b>	<b>189,3</b>	<b>175,38</b>	<b>-13,32</b>

(Nokre av tala for 2018 og 2019 er korrigert i høve til det som går fram av årsmelding for 2019).

Ein ser utslaget av ulike nedbemanningsprosessar gjennom 2020 i endring av årsverk frå 2019 til 2020. I tillegg kjem og nedlegging av Haugsjåsund barnehage.

## 11. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Budsjettet for 2020 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 4,9%. I justert budsjett var dette endra til eit negativt netto driftsresultat på 4,2%. Bruk av fond/fellesbuffer blei og endra frå opphavleg budsjett på 2,3 mill. til justert budsjett på 5 mill. Denne utviklinga gir klare signal om at driftsnivået i 2020 ikkje kan vidareførast. Ein har over tid tæra på økonomiske reserver. Men dette er ikkje ei berekraftig utvikling og økonomiske reserve (fellesbuffer) nærmar seg nå eit faretruande lågt nivå (3,8 mill. pr. 31.12.20).

Bakgrunn for utfordringane er særlig utfasing av integreringstilskot flyktningar, mange spesialpedagogiske tiltak i skule/barnehage og utviklinga i kraftmarknaden som har gitt ein stor reduksjon av kommunen sine kraftinntekter. I tillegg kjem at kommunen i utgangspunktet har høge driftsutgifter på dei fleste tenesteområde.

I budsjett for 2020 og 2021 er det vedteke fleire tiltak for å få betre samsvar mellom inntekter og utgifter. Gjeldande økonomiplan, som blei vedteke i desember 2020, er innretta slik at den legg opp til bruk av fondsmidlar også i 2021, for så å kunne setje av at til fond frå 2021. Men dette krev at planlagde tiltak som reduserer driftsnivået i 2021 og 2022 blir gjennomført. Dette vil sjølv sagt vere krevjande.

Når ein nå og ser at inntektene frå kraftproduksjon kan variere sterkt, bør det vere eit mål, i eit lengre perspektiv, og ikkje nytte alle kraftinntekter fullt ut til å finansiere driftsbudsjettet. Dette gjer kommunen svært sårbar for endringar i prisnivået på kraft.

Det er og grunn til å merke seg folketalsutviklinga siste åra, som og vil gje økonomiske utfordringar om det held fram.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vert ikkje vurdert som stor risiko for at anna communal drift må subsidiere desse tenestene. Men det er viktig å understreke at nivå på driftsbudsjettet på VA i 2020 gjer til at ein i åra som kjem må auke gebyrnivået innan VA, minst på det nivået som auken var i 2021. Men her er det viktig å merke seg at kommunen har akseptabelt gebyrnivå som utgangspunkt.

Totalt sett vurderer ein den økonomiske stoda framleis som stram, men under kontroll.

---

Sverre Sæter  
Rådmann  
Treungen 9. april 2021

## 12. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Kommunestyresaker (m)	108(10)	108(9)	89(8)	87(8)	76(8)	85 (8)
Formannskapssaker (m)	125(13)	170(16)	152(12)	144(13)	134(12)	153 (13)
Administrasjonsutv.s.(m)	3(2)	7(4)	11(4)	9(4)	7(2)	5 (3)
Arbeidsmiljøutv.s.(m)	15(5)	14(5)	14(4)	11(4)	22(4)	20 (4)
Kontrollutvalsaker (m)	23(4)	33(4)	34(4)	25(4)	31(4)	31 (4)
Besøkstal turistinformasjon	1.964	1.491	2 150	2470	2386	3501
Elevtal grunnskule	155	165	172	179	194	201
Årstimer til undervisning	15.149	16.483	15.780	16.619	15.974	17.033
Barnehageborn	82	78	85	85	75	64
Bokutlån	6.603	7.327	7.614	7.700	4.563	4.070
Besøk biblioteket	6.918	7.115	7.200	5.572	6.920	1.357
Kultur- og musikkskulen t/v	22,8	21,27	21,67	23,82.	23,28	23,55
Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg)	55(+52 danserar i 6mnd)	56(+31 danserar i 6mnd)	58(+31 danserar i 6mnd)	61 (+26 danserar i 6 mnd.)	58 (+24 danserar i 6 mnd.)	56 (ikkje danse- gruppe) 0
Kulturskuletimen	25	29	48	55	52	
Barnevernstiltak (tal - barn)	13	17	12	9	11	14
Vedtak pleie og omsorg	206	248	217	171	172	242
NOS 19 plass+1akuttrom Sal plassar (døgn/pas.) Liggedøgnsstatistikk.	3/1 104,0%	26/2 100,3%	3/1 95,23%	83/5 79,75%	85/6 82,87%	0/0 79,55%
Dødsfall på institusjonen	10	11	6	11	12	8
- Brukarar som mottar heimesjukepleie	73	64	71	78	82	77
Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20- 3 og 20-4	118	158	146	124	114	152
- Nye frådelingar	91	90	121	76	76	84
- Godkjente reguleringsplanar	3	2	1	1	0	0
Branntrykkingar	16	17	16	27	27	22

Besøkstal på turistinformasjonen auka med 47% frå 2019 til 2020. Dette kan truleg dels forklarast med «korona-effekt», ved auke i innanlands ferie.

Ein annan «korona-effekt» er nedgang i besøkande på biblioteket med 80%. Dette skuldast at biblioteket har vore stengt store delar av året for besøkande. Utlånet har berre blitt redusert med 11%. Dette forklarast med at ein har lagt til rette for alternative måtar å gjere utlån på.

På delegerte byggesaker har det vore ein sterkt aktivitetsauke (33%).

## 13. Handlingsdelen – måloppnåing og gjennomføring av tiltak

Visjon for Nissedal kommune      **NISSEDAL VIDARE.....**

### Hovudmål for Nissedal kommune:

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle og er eit trygt lokalsamfunn
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv, til nytte og glede for fastbuande, hytteturistar og andre
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

### Levereglar for Nissedal kommune:

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune.

Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidsviljuge og syne kvarandre resepekt og omtanke

## 13.1 Sentral leiing

### Kommuneplanen sine mål:

**Sentral leiing ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.**

- Sentral leiing samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiing samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiing legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiing er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiing si side, og samstundes eit ønske om å følgje dei godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".
- Sentral leiing er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og einingar.
- Sentral leiing syter for at fellesrådet får føreseielege rammevilkår å jobbe under.

### Fokusområder

- Skape eit økonomisk handlingsrom
- Rullering av kommuneplanen
- Folkehelse i all kommunal drift

### Vidareføring av etablert drift:

#### Generelt

Gjennom heilskapleg tenking, på tvers av fag og organisering, skal dei kommunale tenestene vere av høg kvalitet.

Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon/god dialog få eit godt grunnlag for å fatte vedtak, og gjennomføring av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg.

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Revidere kommuneplanen sin samfunnsdel  
**Kommuneplanen vart vedteken 12.11.2020**
- Sikre systematisk internkontroll innan hms og personvern i tråd med lovverk.  
**Internkontrollsystemet Compilo er ikkje tatt i bruk enno og vidare arbeid her vil i hovudsak skje etter årsskiftet.**
- Gjennomføre nedtrappingsplan for integreringsarbeidet  
**Sak blei lagt fram til Kommunestyret i september.**
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
**Ei slik oversikt har Nissedal kommune no tilgang til ved at me abonnerer på Tilskuddsportalen.**
- Gjennomføre beredskapsøvingar  
**Ikkje gjort øvingar før kriseleiinga vart sett permanent i mars.**
- Tilpasse organisasjon og reglement til ny kommunelov  
**Tiltaket er ført opp på nytt i handlingsprogrammet for 2021.**
- Etablere dialogforum med fylkeskommunen og Statens vegevesen  
**Ikkje etablert enno.**

## **Arbeidsgjevar-politikk**

Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.

Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Sentral leiing har eit spesielt ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidarsamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.

Kommunen skal opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider med å førebygge og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet

Sjukefråværet var 6,83 % for heile kommunen i 2017. I 2018 var fråværet på 4,88 %  
Målsettinga for 2020 er å halde sjukefråvære på samle låge nivå som dei tre siste åra.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Ha eit særleg fokus på arbeidsgjevarrolla i nedbemanningsprosessar  
*Rådmannen saman med sine einingsleiarar er klar over kor viktig det er å føre ein god arbeidsgjevarpolitikk i nedbemanningstider. I prosessane nyt rådmannen god nytte av KS og andre organisasjoner.*

## **Informasjon til publikum**

Nissedal kommune skal vere i aktiv dialog med innbyggjarane og prioritere høgt å gje dei svar på dei spørsmål dei måtte ha. Aktiv bruk av heimesidene til kommunen og Facebook er eit viktig bidrag i denne samanheng.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Fullføre tilpassingar av nye heimeside og avklare bruken av intranett  
*Ny versjon av heimesida er på plass. Intranett er vidareført.*

## **Regionalt samarbeid og utvikling**

Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Delta i hovudprosjekt for kraftsamarbeid i Vest-Telemark  
*Nissedal kommune har vedteke samarbeidsavtale, og deltek i oppgåvefellesskapet om kraftkompetanse. Dagleg leiar orienterte kommunestyret i vår.*
- Delta i hovudprosjekt om velferdsteknologi  
*Prosjektet fungerer svært godt, og Nissedal kommune er involvert og deltek i fleire delprosjekt.*

## **Risiko- og sårbarheit – beredskapsplanar**

Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å opprethalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyser skal til ei kvar tid vere oppdatert, og ligge til grunn for beredskapsplanen.

**Korona – rapportering:**

Den sentrale kriseleninga har vore kontinuerleg satt sidan mars. I starten var det daglege møter, men etter ferien har møtefrekvensen vore ein dag i veka (måndagar). Dette har vore godt tilpassa den lokale situasjonen.

Desse møta var svært viktige både for den politiske og administrative leininga i kommunen og innbyggjarar og fritidsbuarar i det vide. Det blir skrive fyldige referat frå kvart møte, og det vert lagt ut oppdateringar på vår heimeside.

Korleis me skal forhalde oss til Pandemien med ulike smitteverntiltak har vore krevande på alle måtar. Både den interne og eksterne fellesaktivitetar har vore lågare enn i normalsituasjonen.

Eksterne fysiske møter er på eit minimum, og tenestereiser er tillete berre etter godkjenning av rådmannen.

Heimekontor er brukt for tilsette som har høve til det.

## 13.2 Stabsfunksjonar

### 13.2.1 Fellestenesta

#### Kommuneplanen sine mål:

Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

#### Sentrale lovverk og planar med overordna fokus:

Kommunelova  
Kommuneplanen  
Økonomiplan, budsjett og handlingsprogram  
Plan for kriseleiing og beredskap

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i fellestenesta:

Kommunelova  
Offentlegheitslova  
Arkivlova  
Forvaltningslova

#### Vidareføring av etablert drift:

Fellestenesta er ein stabsfunksjon som i stor grad yter interne tenester i organisasjonen, men også diverse tenester ut mot publikum. Fellestenesta er m.a. tillagt ansvar for arkiv og postrutinar, sentralbord og resepsjon, lønskontor, fakturering og innkrevjing, drift av heimeside, møtebehandling og saksdokument og merkantile personaloppgåver. Gjennom god kompetanse, heilheitleg perspektiv, fleksibel haldning og god dialog med resten av organisasjonen, skal fellestenesta bidra til at organisasjonen fungerer effektivt i dagleg drift.

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Oppfølging av utviding av samarbeidet med Kviteseid i høve til rekneskapsfunksjonen.  
*Den som blei tilsett i stillinga starta 01.01.20. Samarbeidet har fungert bra, men det gjenstår nokre avklaringar kring kva oppgåver som inngår i samarbeidet. I tillegg må ein og få ein formell avtale på plass i høve til denne delen av samarbeidet med Kviteseid.*
- Innføring av «flyt» på reiserekningar/timelister  
*Dette var «oppe og gå» kring årsskifte. Det står att noko justering/tilpassingar som vil bli gjort i byrjinga av 2021.*
- Oppfølging av nytt innkjøpssamarbeid  
*Nytt innkjøpssamarbeid var på plass/etablert i byrjinga av 2020. Etterkvar som innkjøpsavtalar har løpt ut, er dei blitt lyst ut i regi av nytt innkjøpssamarbeid. Dei har kome i gang og har lyst ut nye innkjøpsavtaler. Det er og kome i gang møter/drøftingar eigarkommunane i mellom.*
- Vurdere arbeidsfordeling i høve til sårbarhet på kompetanse på einskilde sentrale program/funksjonar.  
*Dette har ikkje blitt arbeid med i 2020.*
- Fullføre innføringa av heimelsregister og etablere gode rutinar for vedlikehald av etablert heimelsregister.  
*Oversikt over heimlar er etablert, men det er ennå ikkje funne ei god løysing på korleis ein på ein systematisk måte skal vedlikehalde dette. Opphavleg tanke var å bruke lønssystemet til å halde denne oversikten. Men her har det dukka opp tekniske utfordringar som vi så langt ikkje har klart å løyse på ein god måte.*

### 13.2.2 Ikt

#### **Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan ikt:**

Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta  
Forskrift om IT-standarder i offentlig forvaltning  
Norm for informasjonsikkerhet  
Ikt-strategi for Vest-Telemark

#### **Vidareføring av etablert drift:**

Strategisk arbeid med ikt er organisert som stabsfunksjon. Dagleg drift av infrastruktur, rådgjeving og utviklingsarbeid vert i stor grad utført av ekstern tenesteleverandør, Aspit AS, i eit samarbeid med Fyresdal kommune og Seljord kommune. Ikt-strategi for Vest-Telemark legg opp til at mykje av dei strategiske vala innan ikt skal gjerast gjennom regionale prosjekt, der standardisering er ein overordna målsetnad. Nissedal kommune har ikkje ein eigen ikt-strategi.

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Delta i ulike regionale utviklingsprosjekt som er etablert, m.a.
  - Digitaliseringsutval i regi av Vest-Telemarkrådet
  - Utvalet/digitaliseringskoordinator har jobba mykje med å finne ein arbeidsform og korleis kommunane i Vest-Telemark bør samarbeide om digitaliseringsoppgåver. Grunna at digitaliseringskoordinator gjekk over i ny stilling, stoppa dette arbeidet opp. Rådmennene har vurdert ulike modellar for samarbeid, men ved utgangen av året er det framleis usikkert korleis dette blir.
  - prosjekt knytt til «Orden i eige hus»  
Prosjektet har som føremål å utvikle eit system som gjer at kommunane har oversikt over kva for data som blir behandla/lagra til ei kvar tid i organisasjonen. Grunna at KS har signalisert at dei vil ta inn denne løysinga som ei «nasjonal løysing», har Vest-Telemark-kommunane vald å avvente vidare prosess.
  - digitaliseringsprosjekt i regi av KS  
Det er lagt opp til at oppfylging av dette ligg til digitaliseringsutvalet, men det er i 2020 ikkje blitt implementert nye system knytt til dette.

#### **Andre tiltak:**

Rådmannsgruppa har delteke i KS sitt leiarutviklingsprogram «Leiargalopp», der føremålet var å auke forståinga for digital kompetanse og innovasjon.

Tenesteområda skule og barnehage har jobba mykje med implementering av eige fagsystem (Visma), eit system alle kommunane i Vest-Telemark har gått saman om å innføre.

### 13.2.3 Næring

#### Kommuneplanen sine mål:

**Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.**

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjoner
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetkjensle og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:

Strategisk næringsplan for Nissedal

Vedtekter for kraftfond og næringsfond

Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar

Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune

Handlingsplan for kommunalt KMD-fond

Småkommuneprogrammet

Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

#### Vidareføring av etablert drift:

Næringsarbeid er eit utviklingsarbeid der satsingsområda er satt opp i kommuneplanen sine mål. Det jobbast tett opp mot næringsdrivande, lag og organisasjoner, bl.a. er næringskonsulenten sekretær for Nissedal næringslag. Det vert satsa på reiseliv/turisme og kommunen har som mål å ha eit godt samarbeid med grunneigarane og Agder Energi om Jettegrytene. Nissedal kommune er også vertskommunen for kommunesamarbeidet "Telemarksvegen", der arbeidet elles er lagt til eiga styringsgruppe.

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Arbeide vidare med avklaring rundt tømmerrenna.  
I kommunestyresak 59/2019 varsla Nissedal kommunestyre oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for eit område som omfattar tømmerrenna, Jettegrytene i Reinfossen og ny bilveg frå Espesøyvegen ved Koranmoen til Jettegrytene. NVE skulle kalle inn til ei synfaring i haust før dei sender AE eit svar på søknaden om riving av tømmerrenna. Denne synfaringa har endå ikkje funne stad. Nissedal kommune hadde møte med møte med AE i haust der tømmerrenna og parkering var hovudtema. Sveinung Seljås jobber vidare med løysningar opp mot grunneigarane.
- Framleis fokus på vitaliseringsprosessen av Telemarksvegen. Arbeide vidare med utvidingsprosessen av Telemarksvegen med særleg fokus på å auke verdiskapinga til aktørane langs og i tilknyting til Telemarksvegen.  
Det vart ikkje laga brosjyre for 2020 pga. koronasituasjonen. Nettsider og Facebook-side vart drifta som før, men utan kostand for deltararane. Årsmøtet 24. juni vedtok å avslutte forprosjektet «Nye Telemarkvegen» i si noverande form, samt å invitere med kommunane Kristiansand, Lillesand, Hjartdal og Notodden i samarbeidet.
- Arbeide tett opp mot nytilsett "næringsfiskar" i samarbeid med Nissedal næringslag – «Nyskapande vekst i Nissedal». I desember 2019 starta John Rangfred Hanssen som prosjektleiar i ei 50% stilling. Jon har deltatt på styremøter og i arbeidsgrupper til næringslaget, samt i møta i styringsgruppa for næringsfiskaren. Jon jobbar direkte opp mot næringslivet, samt er med i styringsgruppa for eit Nidelva-samarbeid med 4 andre kommunar.

- Arbeide for at Treungen og andre stadnamn i kommunen vert meir synleg på vegskilting. Dette vert det arbeidd med opp mot Telemarksvegen og Statens Vegvesen.
- Arbeide saman med Åmli, Fyresdal og Froland om eit mogleg prosjekt for betre utnytting av Nidelva.

Det blei i 2019/2020 løyvd til saman 200.000kr frå Vestfold og Telemark, og Agder Fylkeskommune (100.000 frå kvar) til ein moglegheitsstudie for utvikling av reiselivet rundt Nidelva/Arendalsvassdraget. Studien blei avslutta hausten 2020 og var eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Nissedal, Fyresdal, Froland og Åmli, samt med involvering og bidrag frå Åmli Turistforum, Nissedal næringslag og Canvas Hotel AS. Studien vart leia av ei administrativ styringsgruppe sett saman av representantar med ansvar for reiseliv i Åmli og Nissedal kommune i tillegg til Åmli turistforum og Nissedal næringslag. Samarbeidet fortset i eit forprosjekt «Nidelva som friluftsliv- og reisemål» med dei same deltakarane. Nissedal kommune har løyvd kr. 75.000 til dette.
- Syte for optimal fiber-/mobildekning i kommunen.

Nissedal kommune har søkt Vestfold og Telemark fylkeskommune om midlar til vidare utbygging av fibernettet. Kontrakt med utbyggar VTK vil bli signert i løpet av våren 2021.
- Utgreie sak om Nissedal som typisk turiststad.

For å bli definert som ein typisk turiststad med søndagsopne butikkar må ein søke fylkesmannen i Vestfold og Telemark. Søknad vart sendt 06.10.20. Det har ikkje kome svar frå fylkesmannen endå.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innanfor eige fagområde.

Nissedal kommune har teikna abonnement på *Tilskuddsportalen* for både eigne tilsette og lag og foreiningar. Kurset i 2019 for både for eigne tilsette og lag/foreiningar vart følg opp med hjelp til søker, innlogging og likande i 2020.

Kommentar til rekneskapen:

I formannskapssak 58/20 vart det vedteke ei ordning for 2020 om bruk av stimuleringsmidlar til sommarjobb – lønnstilskot for unge vaksne 18-30 år, ut frå gjevne retningsliner i saka. Bakgrunnen for vedtaket ligg i kommunestyresak 19/20 om å gje støtte til lokale næringsdrivande som har fått økonomiske utfordringar på bakgrunn av Covid-19. Det kom inn 5 søker med ein kostnad på kr. 55.000. Denne kostnaden vart dekt inn frå Covid-19 midla frå fylkeskommunen.

Covid-19:

Vestfold og Telemark fylkeskommune har gjeve Nissedal kommune eit ekstraordinært tilskot på 1,1 mill som følge av Covid-19 utbrotet: *Tilskudd kommunale næringsfond; mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling; HNR 49/20*. Desse midla blei løyva i formannskapsak 149/20 og fordelt på totalt 11 søker, samt ein restsum til tømmestasjon for bobil i kommunal regi.

Telemarksvegen:

Inntekt på kr. 72.000 vart sletta då dette er kva medlemmene i Telemarksvegen ville ha betalt for deltaking i brosjyra. Styret vedtok at brosjyra for 2020 ikkje skulle lagast pga. korona-situasjonen, og ein fekk derfor ikkje denne inntekta, eller utgiftene, til brosjyra i 2020.

Næringsfondet:

Det vart søkt om Vestfold og Telemark fylkeskommune om KMD-midlar, men det vart ikkje motteke noko løyving frå fylkeskommunen i 2020.

### 13.2.4 Interkommunalt plankontor

#### Kommuneplanen sine mål:

All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggast til grunn i arealplanlegginga.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:

Plan og bygningslova

Naturmangfaldslova

Matrikkellova

Eigarseksjoneringslova

Forureiningslova

Kommuneplan, spesielt arealdelen

Kommunedelplanar

Reguleringsplanar

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

Plankontoret har for 2020 budsjettet med 5,15 årsverk, 0,3 mindre enn for 2019 og 0,6 mindre enn året før. Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

##### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Tilpassa organisasjonen redusert bemanning.  
**Oppgåver tilsvarende 30 % stillingsreduksjon er flytta frå sekretærfunksjonen til dei ulike fagstillingane. 30 % stillingsressurs er i tillegg flytta frå oppmåling til byggesak.**
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
**Temaet er lite/ikkje aktuelt for ei rein lovforvaltingseining som plankontoret.**

##### Administrasjon og plan:

Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2020: 1,10.

##### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Ferdigstille rullert kommuneplan, arealdelen.  
**Planen blei ferdigstilt og lagt ut til offentleg ettersyn/sendt på høyring før sommarferien. Det blei gjennomført møte i planforum for fylket (teamsmøte 19.08.). Det kom inn 11 uttalar. Uttalet frå fylkesmannen inneheldt sju motsegner mot eigengodkjenning av planen. 09.12. blei det gjennomført førebuaningar, medan dialogmøtet med fylkesmannen (nå statsforvaltaren) blei utsett til 2021. Sluttgodkjenninga måtte derfor også uteslå til 2021.**

- Ferdigstille revidert reguleringsplan *Treungen sentrum nord*.  
Dette planarbeidet som var godt i gang i 2019, stoppa opp av kapasitetsomsyn i høve til andre planoppgåver (kommuneplanen og dei private planforsлага for *Felehovet sør/Reinsvatn* og for *Nordstøyl hyttegrend*). Vidare planprosess måtte utsetjast til 2021.
- Ferdigstille revidert reguleringsplan *Framnes øvre*.  
Av dei tre nemnde planane har denne blitt lågast prioritert. Planrevisjonen vil derimot ikkje vere så omfattande som for dei to andre. Av same grunn som for *Treungen sentrum nord* måtte også arbeidet med denne planen utsetjast til 2021.
- Utarbeide ny detaljreguleringsplan for området *Jettegrytene*.  
Nidelva-prosjektet, eit samarbeid mellom kommunane Fyresdal, Nissedal, Åmli og Froland, skal vurdere potensialet for reiseliv i og langs Arendalsvassdraget. Området Jettegrytene vil vere ein sentral del i dette arbeidet. Reguleringsplanen bør ha innarbeidd konklusjonar/tilrådingar frå dette prosjektet. Kommunen vil også vente på konklusjonen frå NVE i høve søknaden Agder Energi har sendt om løyve til å rive tømmerrenna. Den planlagde synfaringa NVE har varsle der kommunen også vil bli invitert til å vere med, blei ikkje noko av i 2020. Det er heller ikkje arbeidd noko med denne planen frå kommunens side i 2020.

**Kart og oppmåling:**

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjettet 2020: 2,50. ([Endra til 2,20](#))

**Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Internsal, innmåling av v/a-nett.  
Det er målt inn leidningsnett i planområda Treungen sentrum nord, Smeitkollen, Kåsa-Solli og Kyrtjønn (Felle).
- Utarbeide tomtedelingsplanar for private.  
Det blei sett i gang eit slikt arbeid for området Huvtjønnskarine (Kyrkjebygdehøia).

**Byggesaksbehandling:**

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.  
Budsjettet 2020: 1,55. ([Endra til 1,85](#))

**Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn, felt der kommunen kan tilby tilkopling til kommunalt nett blir prioritert.  
Det er ikkje utført slike kontrollar.
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).  
Byggesaksbehandlar har i 2020 bruka 65,00 timer på taksering av nye skatteobjekt.  
Han har i tillegg i perioden 01.01.-30.04. vore uteleid som byggesaksbehandlar til Tokke kommune, tilsaman 36,00 timer.

**Kompetanseutvikling:**

Det er ikkje gjennomført eller planlagt kompetansehevande tiltak for tilsette ved plankontoret. Kompetansen synest å vere greitt tilpassa hovudarbeidsoppgåvene ved kontoret.

**Sjukefråvær:**

I 2020 er sjukefråværet berekna til 0,51 %, alt registrert som korttidsfråvær. Ikkje noko av fråværet er blitt relatert til arbeidsplassen/arbeidsmiljøet ved plankontoret.

Kommentar til rekneskapen:

Nissedals del (37,6%) av nettoutgiftene for drifta av plankontoret blei kr 160 000, mot opphavleg budsjettert kr 301 000. På grunn av korona-situasjonen blei budsjettet auka til ei netto utgiftsramme på kr 606 000. Rekneskapsresultatet viser kor vanskeleg det er å «spå» om slike effektar. Etter fyrst å ha opplevd ein stille periode, tok aktiviteten seg opp etter sommarferien, og året blei avslutta med kraftig vekst i oppdragsmengda.. Sjølvkostberekingane for oppmåling og byggesak viser dekningsgrad høvesvis på 79,7 % og 123,8 %. Nytt frå 2020 er at årsunderskot på sjølvkostavsnitta ikkje lenger kan framskrivast og avreknast mot framtidige overskot. Årsoverskot kan då heller ikkje avreknast mot tidlegare akkumulerte underskot for det aktuelle området. For oppmåling betyr dette at underskotet, kr 427 000 ikkje er framførbart, og for byggesak at overskotet kr 209 000 må setjast av på fond.

Korona – rapportering:

To av plankontorets seks tilsette hadde i perioden 16.03.-11.05. heimekontor som fast løysing. Dette fungerte tilfredsstillande. Dei to dette gjaldt hadde i same periode ansvar for undervising av eigne barn. Dei andre ved kontoret møtte til arbeid som vanleg. Kommunehuset, og med det også plankontoret, var i same periode stengt for besøkande. Etter opning tok besøk og andre førespurnader seg opp til normal arbeidssituasjon.

### 13.2.5 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid

#### Kommuneplanen sine mål:

**Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.**

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjoner
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjensle og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for landbrukskontoret:

Jordlova  
Skoglova  
Konsesjonslova  
Landbruksplan for Vest-Telemark  
Landbruksplan for Nissedal 2014-2017

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile landbrukskontoret

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet. Landbruket er ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

##### Spesielle tiltak/endringar for 2020

- Halde fram med tett oppfølging av pelsdyrdrifta på Berlimoen med omsyn til gjødselhandtering og tiltak for å hindre oppblomstring av fluger.  
*Ikkje aktuelt så langt i år .Talet på dyr er redusert til 1/6 av det det var på det meste.*
- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark.  
*Blir følgd opp kontinuerleg.*

### **Viltforvaltning**

Kommunen har utarbeidd eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Planen er rullert i 2019 og gjeld fram til og med 2021. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

### **Spesielle tiltak/endringar for 2020**

- Fylgje opp hjorteviltpalan for Nissedal kommune  
Lite aktivitet så langt. Magne Skarprud, som har hatt ansvaret for fagområdet, har gått av med pensjon. Audun Aasmundtveit har tatt over oppgåvene.

### **Miljø**

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.

Vassregionen er i gang med rullering av planen for neste planperiode, perioden 2021 – 2027.

### **Samla for rammeområde felles:**

#### **Sjukefråvær:**

Rammeområde felles (som vil seie ordførar rádmann, fellesteneste, frikjøpte tillitsvalte, lærlingar) har eit fråvær på 8,42%. Dette er ein stor auke i høve til 2019 då det var eit fråvær på 3,54%. Fråværet er meir enn dobla. Fråværet var i 2020 fordelt med 1,33% på kortidsfråvær og 7,09% på langtidsfråvær. I 2019 var fråværet fordelt med 0,84% på langtidsfråvær og 2,7% på kortidsfråvær. Med andre er auken relatert til langtidsfråvær. Rammeområdet er ikkje større enn at auken i langtidsfråvær kan knytast til enkeltilfelle der ein meiner å fastslå at fråværet ikkje er arbeidsrelatert.

#### **Kompetanseutvikling:**

Det var i budsjettet avsett kr 88.000 til opplæringstiltak og det blei nytta kr 50.000. Avviket er kan i stor grad knytast til korona. Av dei midla som blei nytta til opplæring stod kontrollutvalet for den største posten, kr 26.000. Det er og gjennomført politikaropplæring for kommunestyret – 2 heildagssamlingar. Elles er det ikkje gjennomført særskilte tiltak kring opplæring.

#### **Korona:**

I første fase (etter 12.03.20) var rundt halvparten av tilsette på rammeområdet på heimekontor. Men frå ferien og ut året har dette i mindre grad blitt nytta. Kommunehuset var og stengt i ein periode på våren, men dette blei og handtert på ein måte slik at det kom svært få negative tilbakemeldingar frå publikum på dette.

Det er svært lite utsLAG på fråværet som kan forklarast med korona. I den fråværet er påverka av korona, så peiker tala på at det har vore positivt utsLAG, då korttidsfråværet er redusert frå 2019 til 2020.

Tilsette på rammeområde felles har vore involvert i kriseleninga sitt arbeid og dette har nok gjort til at andre arbeidsoppgåver har blitt nedprioritert i 2020.

Kommentar til rekneskapen:

I opphavleg budsjettet for 2020 blei ramme for felles endra på bakgrunn av:

- På bakgrunn utvikling av straumpris i 2019 blei anslag på konsesjonskraftinntekter auka med kr 1.584.000 og ramme til felles redusert tilsvarende.
- Etter ei diskusjon over fleire år blei det bestemt at staten skulle overta skatteoppkrevjarfunksjonen frå juni 2020. Rammetilskot til kommunen blei på denne bakgrunn redusert med kr 205.000 og ramme for felles redusert tilsvarende.
- På bakgrunn av utsifting av politikarar ved ny kommunestyreperiode blei det lagt til grunn behov for å kjøpe inn nye iPadar til ein kostnad på kr 50.000.
- Det blei i forkant av denne kommunestyreperioden vedteke nytt reglement for politikargodtgjersle som gjorde til ein auke i utgifter på kr 110.000.
- Innkjøpssamarbeidet vi har vore med i ein lengre periode (BTV) blei avvikla. Det blei då etablert eit mindre innkjøpssamarbeid, med kontorstad i Midt-Telemark. Men «inngangsbilletten» til dette samarbeidet var ein del høgare (kr 132.000). Men samstundes har kommunen noko meir innflytelse i samarbeidet.
- Det er ikkje val i 2020 og dermed blei ramma redusert med kr 100.000
- For å oppfylle nye krav til avvikshandtering og kvalitetssystem har kommunen anskaffa systemet Compillo. Dette aukar driftsutgiftene med kr 50.000.
- På bakgrunn av nye investeringar gjort av fellesrådet, så aukar renter/avdrag for fellesrådet med kr 62.000. På bakgrunn av dette aukar overføring til fellesrådet dermed ramme til felles tilsvarende.
- Budsjettet for 2020 var ei utfordring å få i balanse. Det blei gjort mange reduksjonar i driftsnivået. M.a. blei overføring til fellesrådet redusert med 2% , som utgjorde kr 50.000.
- Andel av administrasjonsutgifter for renovasjon blei berekna til kr 170.000. (Berekna sum for 2019 og 2020). Dette inngår i sjølvkostberekinga, men reduserer ramma for felles tilsvarende, då renovasjon er lagt til dette rammeområdet.
- Effekt av reduksjon av integreringsarbeidet var i budsjettet sett til 0,9 mill. Denne innsparinga blei plassert under felles, då ein ved budsjettvedtaket ikkje hadde ein utarbeidd plan for korleis denne reduksjonen/innsparingen skulle skje.

Dei viktigaste endringane av budsjettet gjennom året var:

- Straumprisen var dei første månadene i «fritt fall» og ein måtte redusere analset på konsesjonskraftinntekter med kr 2.256.000.
- Lønsveksten i 2020 blei mykje lågare enn antatt, mykje på bakgrunn av korona. Dette gjorde til at sentral pott for lønsauke, som ligger under felles, kunne reduseras med kr 2.250.000
- Det blei vedteke detaljert plan for kutt av ulike stillingar i høve til reduksjon av ressursinnsats på integrering og ramme for dei ulike rammeområda redusert tilsvarende. Ramme for felles styrka med dei kr 900.000 som blei redusert i samband med budsjettvedtaket.
- På bakgrunn av koronautbrotet blei staten si overtaking av skatteoppkrevjarfunksjonen utsatt til november. Rammetilskot auka på denne bakgrunn og ramme for felles auka med kr 230.000.
- Før staten kom på banen med ulike pakker blei det avsett 2 mill. i pott til støtte til lokalt næringsliv. Finansiert med bruk av fond/buffer. Men etterkvart som staten kom med ulike «pakker» trekte kommunestyret inn att løyvinga på 2 mill. og la til grunn at dei statlege ordningane dekte opp behovet til lokalt næringsliv.

- Det blei stipulert utgifter til advokat i samband med tilbakekjøp av eit næringsareal på kr 75.000.
- I budsjettet var det lagt til grunn kostnader ut 1. halvår i høve til oppfølging av ADMU-sak 6/18 (personalsak). Det synter seg at denne ikkje var avklart i løpet av 1. halvår og det måtte derfor løvvast midlar ut heile 2020 til denne saka (kr 224.000).
- Tilskot til andre trudomssamfunn auka utover avsett sum i budsjettet med kr 60.000.
- Løyving til konsulenthjelp kring utgreiing av konsekvensar av å endre konsesjonsgrense-0. Kr 100.000

Rammeområde har eit meirforbruk på kr 86.000 (0,56%). Men sjølv om resultatet totalt synas å vere nær budsjett er det store «interne sprik».

- Konsesjonskraftinntekter blei justert ned i løpet av året med 2,3 mill., men blei likevel kr 571.000 under justert budsjett.
- Avsetning til kraftfond blei kr 50.000 over budsjett. Avkastninga (renter/konsesjonsavgifter) kommer på sentrale inntekter og blei over budsjett. Så dette er meir eit «teknisk» budsjettavvik på felles.
- Lønspott heile kommunen blei redusert i løpet av året med nær 2,3 mill. Men det blei likevel kr 56.000 att «udisponert» av denne potten.
- Det blei løyva kr 100.000 til konsulentbistand i høve til vurderingar kring konsesjonsgrense-0. Dette arbeidet blei ikkje starta på før årsskifte.
- Delar av utgiftene til advokatbistand som gjaldt tileigning av grunn blei førd i investering og dermed blei det eit mindreforbruk på rammeområde felles. Utgjorde kr 47.000.
- Kostnad til skatteoppkrevjarfunksjon blei kr 102.000 under budsjett.
- Kostnader til felles IKT blei kr 144.000. Eit moment her er at det kom svært lite uforutsette utgifter, som t.d. kostnader som fylgje av torevær.

## 13.3 Eining for oppvekst og kultur

### 13.3.1 Skule

#### Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekke vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betyding for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet* og *tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar ein skild elev sine resultat og prestasjoner.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal ligge over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalsskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalsskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalsskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for flerspråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter

Læreplan - Kunnskapsløftet 2006

Plan for overgangar – Frå eldst til yngst

Plan og rutinar for elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø

Plan for samarbeid heim-skule

Leseplan for 1.-10. steg

Plan for Vurdering for læring i Nissedalsskulen

#### Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring.

Eininga samarbeider tverrfagleg med skulehelsetenesta, barnehage, flyktningstenesta, kultur og Vest-Telemark PPT

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Inkluderande barnehage- og skolemiljø held fram: Eit felles to-årig utviklingsprosjekt i Vest-Telemark med regionale og nasjonale samlingar

**Prosjektet vart avslutta ved årskiftet. Til tross for eit lite opphold våren 2020 grunna korona, ser vi prosjektet som godt utført. Arbeidet med ny plan for skolemiljøet held fram våren 2021.**

- Midlertidig skuledrift for Kyrkjebygda oppvekstsenter ved Kyrkjebygda bedehus. Oppfølging av byggeprosjektet ved oppvekstsenteret. Innflytting i mars 2020. Prosjektet er ferdigstilt. Kyrkjebygda skule starta det nye skuleåret i flotte nye lokalar med godt lys og god ventilasjon. Det er ein god stad å vere for elevar og tilsette.
- Fremje politisk sak om tilstand og kapasitet ved Nissedal ungdomsskule – paviljongen  
Det har vore eit første møte i prosjekterings- og byggenemnda, 05.11.20.  
Nemnda gjorde slikt samrøystes vedtak:  
*Rådmannen orienterte om tilstanden på storskulen. Prosjekterings- og byggenemnda ber rådmannen å greie ut kva dei utbetringstiltaka rådmannen har peika på vil koste. Vi venter på teknisk eining for at saka kjem vidare.*
- Førebu og ta i bruk Fagfornyelsen (ny læreplan frå hausten 2020)  
Arbeidet med innføring av KL20 «Fagfornyinga» har gått etter planen frå hausten. Det var eit naturels opphold i utviklingsarbeidet grunna korona frå mars-juni. Skulane arbeider vidare med dei nye tverrfaglege temaane.
- Halde fram med Liv og røre prosjekt. Har som mål å auke den fysiske aktiviteten til elevane i undervisinga og i friminutta.  
Vi har delteke på dei regionale samlingane for lærarar og SFO-tilsette, og det har blitt arbeida med å implementere dette i skulekvardagen.
- Sak til kommunestyret om ev nye behov og kostnad til vidareutdanning for lærarar før dispensasjonen på 10 år er over  
*Gjennomført okt. 2020: Kommunestyresak 59/20 Oversikt over kompetansebehov i Nissedalsskulen innan 2025*
- Rapportere korleis reduksjon av stillingar er innarbeidd i ramme.  
Kutt frå 01.08.20 er gjennomførte.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innanfor eige fagområde.  
Har søkt og fått midlar til digitale læremiddel gjennom UDir.  
Har fulgt med på tilskuddsportalen via informasjonsbrev (påmeldt teneste)

## Grunnskule

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebygda er ein tre-delt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte.

## Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Arbeidet med Vurdering for læring held fram inn mot Fagfornyelsen i 2020.  
*Planen for Vurdering for læring har blitt brukt i arbeidet inn mot Fagfornyinga.*
- Oppgradere læreverk i skulane. Det er viktig å sette ev. rest på budsjettpost "Undervisningsmateriell" på fond slik at vi kan bytte læreverk frå 2020 og framover.  
*Grunna overgang til Fagfornyinga (LK20) valde vi å avvente dei store innkjøpa. Hausten 2020 prøver skulane ut ulike prøvesett.*  
Kommunen fekk 54000 kr frå Staten til nye læreverk i 2020. Desse er brukt etter føreseagna.
- Utgreie ei auke av rammetimetal i barneskulen (1-7 trinn).  
Protokoll frå sak 69/20:  
*Nissedal kommunestyre tek kostnadsutrekninga til etterretning.*  
*Grunna kommunen sin økonomiske situasjon blir det ikkje ei generell auke i rammetimetal for Nissedalsskulen.*  
*For å oppfylle lovkravet om minstetimetal på Kyrkjebygda blir det utvida med 0,75 årstimar a 60 minutt, med ein kostnad på 81 000 kr årleg.*

- Tveit skule vil vurdere overgang til 60-minutters skuletimar frå hausten 2020  
Tveit skule/Nissedal ungdomsskule starta opp med 60-minuttars skuletimar nå i august.
- MOT- Førebyggjande livsmeistringsprogram for ungdomsskulen.  
Miljøterapeut Runa har arbeida med MOT etter planen. Det blei nokre endringar i utføring grunna smiteverntiltak. Rektor Marius skulle på MOT-camp i Trondheim hausten 2020 for å bli sertifisert MOT-coach, men vi valde å ikkje sende han grunna smittesitasjon og korona.
- Implementering av Visma Flyt skole som skuleadministrativt system  
Dette arbeidet har vore svært forsinka, men har i løpet av hausten fått ny driv og tempo. Den ny koordinatoren har så langt gjort ein god jobb og det blei sett opp ein fornuftig framdriftsplan for implementering av dei ulike funksjonane i Visma. Dette arbeidet vil halde fram også i 2021.
- Innarbeide reduksjon av lærarressurs i henhold til budsjettvedtak  
Utført i 1. tertial.

## **SFO**

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule og ved Kyrkjebygda oppevkstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilboden skal minimum fylgje skuleruta. Tilboden utanom skuleruta skal tilpassast etterspurnaden.

SFO i Nissedal kommune skal gje eit kvalitativt godt tilbod med sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns leik og fritid. Det tilbys gratis leksehjelp i SFO.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Brukarundersøking og kompetanseheving og endringar i tråd med funn i punkt over Gjennomført, fleire tiltak blei iverksett. Ny undersøking er bestemt gjennomført hausten/vinteren 2021/2022 for å følgje opp endringane.
- Auke fokus på sunn mat (del av Liv og røre prosjektet)  
Frå mars til oktober var det ikkje matservering på SFO som eit korona-smitteverntiltak, samt omsynet til ressursbruk i ei tid der ein måtte ha mindre grupper og meir fokus på håndhygiene og reinhald. Matsevering tok til att 1. november, då dette vart etterspurt av føresette og elevar. Å servere mat med koronarestriksjonar har ikkje vore vanskeleg å få til.

## **Vaksenopplæring**

Vaksenopplæringa er i Treungen og har lokale knytt til Kåsa bu og avlastning. Opplæringa gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Undervisninga på Kåsa er i all hovudsak knytt til flyktningar. Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet.

Det vert gjeve undervisning til vaksne etter opplæringslova § 4A.2: *Rett til spesialundervisning på grunnskolens område*. Undervisninga foregår på Mila og som heimeundervisning.

Vaksenopplæringa har plikt til å gi *Opplæring til voksne med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon(ASK)* ved behov (opplæringslova § 4A-13)

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Vurdere og justere ressursbruk opp mot elevtal og behov komande skuleår 2020/2021  
Frå hausten 2020 var det 50% rest på vaksenopplæringa av dei 200% som har vore til integreringsarbeidet. Det var i tillegg ca 25% knytt opp til undervisning for to vaksne elevar fra Kåsa (spesialundervisning/grunnskule for vaksne). Det så lenge ut som om at vi skulle få kjøpe plasser til våre aktuelle kandidatar på grunnskuleopplæring av Åmli kommune, men dei trakk tilboden i sin heilskap. Ein av dei aktuelle deltakarane tek nå grunnskule som privatist, med god hjelpe av frivillighetssentralen.

Undervisning med elevar som har rett og plikt til norsk og samfunnsfag er fasa ut pga manglende elevar. Det er planlagt familiejenforening innan 1. april 2021 for ein person som har rett og plikt til norsk og samfunnsfag. Det vil bli tilrettelagt for undervisning. Det er framleis undervisning for to vaksne elevar på Kåsa (spesialundervisning for vaksne)

### 13.3.2 Barnehage

#### Kommuneplanen sine mål:

**Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.**

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilboden som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om barnehage

Rammeplan for barnehagar

Felles språkplan for alle barnehagane (intern)

Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesyster, PPT og psykisk helse (intern)

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile eininga

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda, Felle og Fjone.

Kommunen har eitt hovudoptak i året av barn til barnehagane. Dette skjer i mars.

Kommunen vil så langt som råd gje tilbod om barnehageplass fortløpende gjennom året.

Føresette kan velje mellom 2, 3, 4 og 5 dagars tilbod.

Barnehagane stengt i julaftan, i romjula, virkedagane før skjærtorsdag og to veker i juli.

Det er utarbeida felles satsingsområde for alle barnehagane. På bakgrunn av dette utarbeider kvar barnehage sin eigen årsplan.

Kompetanseheving hos personalet skal fokusere på satsingsområda i prosjektet «Inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule».

Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, ppt og barnevernstenesta.

##### Spesielle tiltak/endringar i 2020:

- Utarbeide sak om konsekvensar ved nedlegging av ein barnehage i eininga.  
**Utført: k-sak 2/2020 Barnehagestruktur i Nissedal kommune. Nedlegging av Haugsjåsund barnehage**
- Innarbeide redusering av 30% stilling i eininga.  
**Utført.**

- Fylgje opp utviklingsprosjektet inkluderande læringsmiljø i barnehage- og skule.  
Felles utviklingsprosjekt i barnehage og skule i regi av utdanningsdirektoratet  
Ressursperson har arbeida i 20% og koordinert arbeidet. Det blei sett av tid til refleksjon/temaforståing på avdelingsmøte i barnehagane. Dette var noko redusert frå mars – juni. Hausten 2020 gjekk etter planen. Prosjektet er avslutta ved årsskiftet, som planlagt.
- Halde fram med faglege møte på tvers av barnehagane med fokus på prosjektet «inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule» for alle tilsette i barnehagane.  
Fagmøte felles i eininga v/ressursperson er gjennomført, med unntak av perioden mars-juni.
- Gjennomføre møter for tilsette der digital praksis i barnehage er tema. jmfr.strategiplan for digitalt arbeid i barnehage og skule  
Det blei sett av tid til opplæring på avdelingsmøte kvar månad. D- pedagogen deltok på avdelingsmøter og hadde opplæring på Prowise skjermen i kvar barnehage.
- Starte opp med kommunalt tilsyn i barnehagane i Nissedal  
Planleggingsarbeidet og munnleg varsling til styrarane starta opp i november 2020.  
Tilsynet er planlagt gjennomført i februar 2021.
- Jamleg oppdatering til politisk nivå om evt. ventelister i barnehagane.  
Ikke ventelister per d.d.
- Gjennomføre brukarundersøking i barnehagane hausten -20  
Gjennomført haust 2020
- Statusrapport kring IKT-satsing i barnehage.  
Visningsflater er nå på plass i barnehagane. Opplæring via Atea gjennomført. Dette var eit viktig punkt for å kome vidare med digitaliseringsarbeidet. D-pedagog barnehage byrja lokale innføringskurs i Prowise,– digitale visningsflater kjøpt inn hausten 2020, Treungen barnehage i des resterande i jan og feb 21. Skulle vore felles, men vi måtte dele barnehagevis på grunn av Covid 19
- Rapportere korleis reduksjon av stillingar er innarbeidd i ramme.  
Utført i 1. tertial
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Får jammlege oppdaterinar frå Udir og tilskottportalen om eksterne søkbare midlar.

### **Treungen barnehage**

Godkjent for 60 plassar, der 36 er i eiga småbarnsavdeling ( 18 barn frå 1-3 år).

3-5 årsavdelinga har 24 godkjente barnehageplassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2020::**

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Gjennomført

### **Kyrkjebygda barnehage**

Godkjent for 32 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2020:**

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Gjennomført
- Ta opp att arbeidet med gode samarbeidsrutiner mellom skule og barnehage  
På plass

### **Haugsjåsund barnehage**

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2020:**

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Haugsjåsund barnehage blei lagt ned frå 01.08.20

**Felle barnehage**

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.00-16.30.

**Spesielle tiltak/endringar i 2020:**

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
**Gjennomført**

**Fjone barnehage**

Godkjent for 14 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

**Spesielle tiltak/endringar i 2020:**

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
**Gjennomført**

**13.3.3 Kultur****Kommuneplanen sine mål:**

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkraftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhør og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

**Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga**

Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Lov om folkebibliotek

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

**Vidareføring av etablert drift:****Heile eininga**

Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

**Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Ferdigstille Tur-og sykkelløype på den gamle jernbanelina i samarbeid med Åmli kommune. Sette opp turskilt og infoskilt langs lina, også i samarbeid med Åmli kommune. Målsetting om ferdigstilling vår 2020.  
Tur-og sykkelløypa på Lina vart ferdigstilt i 2020. Ved fordeling av spelemedlar i juni 2020, fekk dette prosjektet ikkje tildeling. Kommunen måtte difor framleis forskotere utgifter. Grunngjeving for at ikkje kommunen fekk tildeling i 2020, var at lag og organisasjonar vart prioritert på grunn av korona. Sykkelstien vart brukt svært mykje, og over all

forventning. Det vart avtalt å setje opp ein teljar på strekninga, der Åmli, Nissedal og Friluftsrådet sør skulle samarbeide og dele utgifter til dette. Teljar vert sett opp så fort det er mogleg i 2021. Det vart jobba med dialog med vegvesen, fylkeskommunar og miljødirektoratet for vidare arbeid med utbetringerar på tur-og sykkelløype.

- Offisiell opning av Tur-og sykkelløypa på Lina i samarbeid med Åmli kommune.  
På grunn av korona vart det ikkje gjennomført eit opningsarrangement som planlagd. Det vart i staden laga ein informasjonsvideo om Lina med midlar frå fylkesmannen. Dette vart eit godt supplement, og slo godt an. Videoen vart delt over 300 gonger og nådde eit publikum på 50.000.
- Fokus på gradvis å avvikle tenestene rundt flyktning over til ordinært hjelpeapparat og gjennomføre nedbemannning etter politisk vedtak og retningslinjer for nedbemannning.  
[Plan for nedtrapping](#) vart gjennomført og 30% stilling i flyktningetenesta vart fasa ut.
- Gjennomføre kulturminneplan  
Stort arbeidspress i kultur, gjorde at dette ikkje vart starta på i 2020. Dette er eit omfattande arbeid å starte på og gjennomføre.
- Fokus på folkehelsetiltak i planlegging av arrangement og aktivitetar. Høgt fokus på samspel mellom dei ulike einingane og dei frivillige.  
Det har vore eit godt og etablert samarbeid mellom folkehelse (ulike einingar i kommunen) og dei frivillige. På grunn av covid-19, har det ikkje vore arrangement. Det har blitt jobba med Topptur Nissedal-prosjektet, og dette har vore noko publikum har sett stor pris på, når andre tilbod har vore stengd.
- Legge til rette for eit etablert samarbeid med frivilligsentralen.  
Det har vore eit godt samarbeid med Frivilligsentralen. Frivilligsentralen har søkt om midlar til eit samarbeidsprosjekt mellom biblioteket og frivilligsentralen, som heiter Etter skoletid på biblioteket. Det vart innvilga kr. 100.000,- til prosjektet frå Sparebankstiftelsen DNB. Prosjektet starta opp i september med ein tilsett og 2 frivillige frå Bygdekvinnelaget
- Prosjektering av klatresenter lokalisert i lokstallen og prosjektering av området Sommarsletta og sentrum i høve til tilrettelegging for fysisk aktivitet og universell utforming. Dette vert finansiert av midlar frå Telemark Fylkeskommune.  
Dette arbeidet blei ikkje ferdigstilt i 2020, men i januar 2021, og vil bli lagt fram for kommunestyret i mars. Studien vil vere eit grunnlag for vidare søknadar.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Det vart jobba med eksterne søkbare midlar. Kultur fekk i 2020 stønad frå Buf.dir, Fylkeskommunen og spelemiddelordninga. Det vart søkt frifond om 20.000,- til nytt stereoanlegg på ungdomsklubben, som vart innvilga.
- Vidareføre arbeidet med prosjektering av ny gangbru i sentrum.  
Nissedal kommune fekk i desember kr. 100.000,- til vidare arbeid/prosjektering av gangbrua i sentrum. Faun fekk oppdraget, og vil jobbe vidare med søknadar og prosjektering i 2021.
- Kartlegge muligheter for å etablere ny rastepllass ved Gaukås stasjon.  
Faun AS vart leid inn for å hjelpe oss med å starte prosessen med eit samarbeid med Statens vegvesen om ein stoppestad ved Gaukås stasjon. Fyrste møte med vegvesen var i september. Prosjektet vert jobba vidare med i 2021.

## Fritidsklubb

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetsinhaldet.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Ein ser at arbeid med integrering er svært viktig i ungdomsklubben. I 2020 vil ein ha eit spesielt fokus på dette gjennom ulike aktivitetar.  
**21. august opna klubben igjen etter å ha vore stengd sidan mars. Fredag og laurdag for ungdomsskuleelevar. Ungdom og tilsette såg fram til å få starte igjen, og det var eit stort behov for ungdom å ha ein etablert møteplass. Opning av ungdomsklubb vart gjort i samråd med kriseteam, og innanfor gjeldande smittevernreglar.**
- Fritidsklubben er open kvar onsdag og kvar fredag.  
**Ungdomsklubben var ope kvar onsdag, fredag og laurdag, men med inndeling på klasser jamfør inndeling i friminutt på skule som eit smitteverntiltak. Det vart vurdert til at elevar fra vidaregåande skule ikkje kunne møte opp på klubben på grunn av smittevern.**

## Kino

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsyning kvar 14.dag i kinosalen på Fleirbrukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har bilettinntektene, så kommunen si oppgåve er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Ein ynskjer å ha meir fokus på å reklamere for bygdekinoen og få enno fleire til å gå på kino  
**Bygdekinoen vart stengd frå mars, men opna igjen på våren etter strenge smittevernreglar. Bygdekinoen har hatt kraftig nedgang i bruk, då det var svært redusert tilgang til plassar, men og fordi publikum ikkje har besøkt kinoen.**

## Bibliotek

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka og 20 laurdagar i året, og skulen kan nyte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Satse på biblioteket som ein naturleg samlingsstad for kommunens innbyggjarar i tråd med lov om folkebibliotek.  
**Biblioteket utvikla seg til å bli ein samlingsstad for born og ungdom etter skuletid på måndagar og onsdagar. Biblioteket vart nytta til lekser, spel, sosialt samvær og lesing. Dette er i tråd med Biblioteklova, og ei målsetting for biblioteket. Men, i mars vart biblioteket steng og var stengd til mai. Då vi opna, var det strenge reglar for smittevern, og ikkje høve til å sitte ned og vere sosial på same måte som før. Den sosiale møteplassen som biblioteket var, vart borte. Men utlån av bøker har vore stabilt, og kundar har sett pris på at tilbodet har vore ope. Det vart jobba med å tilrettelegge for digitale løysingar, som Bookbites for elevar og ordinære kundar, og Pressreader, i godt samarbeid med Fylkeskommunen som la til rette for dette.**  
**Tilbodet om Etter skuletid vart starta i september, der det var Frivilligsentralen som søkte Gjensidigestiftelsen om støtte til dette, og det vart innvilga kr 100.000,-. Dette er eit prosjekt i samarbeid med Frivilligsentralen, Nissedal Bygdekinnelag og kommunen, som skulle vere fra haust 2020 til vår 2021. Prosjektet er basert på at biblioteket er ein sosial og inkluderande møteplass, og tilbodet er for ungdomsskuleelevar.**

- Nyte seg av ulike støtteordningar for å sjå på moglegheitar for å styrke biblioteket fagleg og på opningstid.  
**Frivilligsentralen** søkte og fekk kr. 100.000 til Etter skuletid på biblioteket.  
Det vil bli søkt om midlar til å styrke biblioteket på nyåret i 2021.

### **Spelemidlar – kommunalt tilskot**

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom søkerar på spelemidlar i kommunen og legge til rette for ein god og berekraftig anleggsutbygging.  
**I Fordeling av spelemidlar for 2020, vart det bestemt frå statleg hald, at lag og organisasjonar skulle prioriterast ved tildeling midlar. Ingen kommunale prosjekt fekk såleis midlar i år, men Nidelv arena fekk.**

### **Ålmenne kulturtiltak/arrangement**

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS).  
Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge.  
Enkelt-arrangement.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Kulturarrangement i Fleir brukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2020.  
**Det var ikkje arrangement i Fleir brukshuset i 2020 grunna smitteverntiltak/korona**
- Legge til rette for arrangement for eldre og born i barnehagen gjennom å legge til rette for det og nyte midlar frå Fylkeskommunen til dette føremålet.  
**Slike arrangement har ikkje vore gjennomførbare grunna smitteverntiltak/korona.**

### **Kulturvern og –samlingar**

#### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Starte arbeidet med Kulturminneplan  
**Det har ikkje vore tid til å starte på dette arbeidet. Ein bør sjå på korleis dette skal løysast, då tida ikkje strekk til.**
- Jobbe meir aktivt for å marknadsføre bygdebøkene kommunen har for sal.  
**Salet av bygdebøker har vore lågt, ein bør jobbe meir målretta med marknadsføring av bøkene.**

### **Kulturskule**

Kulturskulen har undervisning i song, gitar, piano, låtskriving, kunstfag og bass. Undervisninga skal vere tilpassa den enkelte elev, og ha fokus på meistring og utvikling av kreative evner.

I tillegg til enkeltundervisning, har ein tilbod om kulturskuletimen for elevar i 1.og 2. klasse, som vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einskilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskuletimen er eit lågterskeltilbod og er gratis. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konserter i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Ha 2-3 konserter i 2019, med fokus på at alle er med og alle føler meistring ved å framføre noko.  
**Det vart ikkje gjennomført konserter i 2020 på grunn av smittevern. Men, i staden for jolekonsert, laga vi ei jolehelsing som vart filma der musikk og framføring var av kulturskulens lærarar og elevar.**

### Ungdomsrådet

Nissedal ungdomsråd består av ungdom i kommunen, vald av ungdom.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Ungdomsrådet er etablert og har faste møtepunkt.  
**Nissedal ungdomsråd vart etablert og ungdomsrådet hadde medlemmer vedteke av kommunestyret. Ungdomsrådet hadde møter og kom ikkje i gong med arbeidet, då alt var stengd ned som følgje av covoid-19-viruset. Ungdomsrådet hadde første møte i januar 2021.**
- Ungdomsrådet lagar eitt arrangement i samarbeid med ungdomsklubben  
**Ikkje gjennomført, då ungdomsrådet ikkje samla seg i 2020**
- Ungdomsrådet deltek aktivt i styringa av fritidsklubben.  
**Ikkje gjennomført, då ungdomsrådet ikkje samla seg i 2020**
- Ungdomsrådet får opplæring i lokaldemokrati og har uttalerett i nokon kommunale saker.  
**Ikkje gjennomført, då ungdomsrådet ikkje samla seg i 2020. Er i gang frå januar 2021.**

### Flyktningetenesta:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpe som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen. Spesielt må ein legge vekt på eit godt samarbeid med vaksenopplæringa.

### Spesielle tiltak/endringar 2020

- Jobbe målretta mot arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram for dei vaksne.  
**Det vart jobba målretta i samarbeid med NAV og utdanningsinstitusjonar om å få deltagarar i intro ut i jobb, arbeidstrening eller utdanning.**
- Jobbe for at born og unge får ein så god kvalifisering som råd.  
**Det var eit samarbeid med skule og flyktningetenesta om oppfølging av dei framandspråklege elevane i kommunen.**
- Jobbe for integrering gjennom arbeid og fritidsaktivitet.  
**Det vart jobba med integrering gjennom samarbeid med lokale lag og organisasjonar i kommunen, og det er ei målsetting å få flest mogleg ut i jobb.**
- Jobbe med ein nedtrappingsplan for tenester rundt flyktningar og gjere gradvis overgang til ordinært hjelpeapparat så god som råd. Dette gjerast etter politisk vedtak om nedtrapping og nedbemannning.  
**Vedteke plan for nedtrapping vart fulgt opp og gjennomført etter planen. Ved start av 2021 var det igjen ein flyktningekoordinator i 50% stilling.**

**Kompetanseutvikling:**

- Grunnskule:
  - Leiarutdanning:
    - Inspektør ved Tveit skule held fram med sin masterutdanning i skuleleiing.
    - Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule held på å gjere ferdig master i skoleleiing ved Universitetet i Oslo i løpet av skuleåret.
  - Vidareutdanning av lærarar:
    - Skulane godkjende heile 7 søknadar frå lærarar om vidareutdanning. 3 av desse blei godkjende av Udir; 2 stk på matematikk 1-7 og 1 på Mat og helse. Av ulike årsakar (svangerskapsperm og endring av vikariat/kontaktlærarbehev) fall begge dei to på matematikk frå i år. Ein lærar er derfor på vidareutdanning skuleåret 2020-2021 innan Mat og helse.
- Statusrapport kring IKT-satsing i skule.

Vi nyttar framleis Atea som support, sidan Aspit ikkje har hatt tilstrekkeleg oversikt for support. Atea hjelper også Aspit med å få rett kompetanse og system. Tveit skule/Nissedal ungdomsskule vil alle tilsette nytte Teams og OneNote i alt elevarbeidet i alle fag frå 5-10 klasse frå 2020, medan ein startar ein prosess med å få med 1-4 klasse frå skuleåret 2021-2022. Det leggast opp til at digitale løysningar kan erstatte papirbøker og anna materiell på papir. På bakgrunn av dette vil ein styrke kompetansen til alle tilsette for bruk av Teams og OneNote, samt pedagogisk bruk av IKT. Det vil bli fleire Work Shops i utviklingstida i løp av skuleåret.
- Skule og barnehage:
  - Resurspersonar (20% kvar i barnehage og skule) har arbeidd med prosjektet Inkluderande barnehage- og skolemiljø ut 2020. Desse deltok på regionale og nasjonale samlingar
  - Frå hausten 2020 starta den nye satsinga på regional utvikling opp i både barnehage og skule. Det betyr at vi får midlar til kompetanseheving regionalt i Vest-Telemark. Planer for kompetanseutvikling blir utarbeid i hhv. Forum for utdanning i Vest-Telemark (FFU) og Barnehageforum i Vest-Telemark. Einingsleiar for oppvekst og kultur deltek.

**Barnehage:**

- Ein styrar held på å skrive Master i barnehageleiing.
- Same styrar deltek på «veiledningsstudie» i regi av Udir.

**Kultur:**

- Det er ikkje større utdanningsløp eller kompetanseheving i kultur

Sjukefråvær:

Kultur: 4,5% - lågt og bra nivå i 2020

Barnehage: 9,24% - eit høgt sjukefråvær i barnehage som tidvis gir store utfordringar med å halde eit stabilt og pedagogisk forsvarleg tilbod for barnehagane. Særleg dei mindre barnehagane blir sårbare. Strengare reglar kring smittevern forklarar noko, men det er dessverre ein høg del som kjem utanom «koronarelatert fråvær». NAV har fråvær i barnehagane som eit satsingsområde, noko som vil vere viktig for oss å nytte oss av framover. Det er allereie gjort avtalar i starten av 2021 der NAV skal delta og informere om både arbeidsgjevar og arbeidstakar sine pliktar før- og under sjukefråvær på avdelingsmøte i alle barnehagane.

Skule: 7,02% - noko høgare enn det vi har sett tidlegare, men det meiste ser ut til å vere knytt til strengare reglar kring «koronarelatert fråvær». Fleire blir heime med milde symptom enn det som er normalen.

Kommentar til rekneskapen:

Til tross for samanslåing til eining for oppvekst og kultur frå 01.08.20, har ein hatt separate budsjett ut 2020.

Skule:

I budsjettet for 2020 var mellom anna dette lagt til grunn:

Reduksjon av 100% lærarstilling frå 01.08. på -260 000 kr (Heilår 600 000)

Endringar av budsjettet gjennom året:

Lisensar ved innføring nettrett kr. 100 000

Spesialpedagogiske tiltak kr. 452 000

Reduserte inntekter ved stenging SFO kr. 65 000

Reduksjon 150% stilling ved voksenopplæringa som ein del av nedtrapping integreringsarbeidet

4 nye smartboard 150 000 kr

Spesialpedagogiske tiltak 142 000 kr

Skule har eit mindreforbruk i 2020 på omlag 1 mill. kr.

Underforbruket kan dels forklara med eit generelt lågare aktivitetsnivå frå mars og ut året grunna restriksjonar i høve korona. Dette har mellom anna resultert i 400 000 kr mindre på ulike driftsutgifter derav 150 000 kr mindre i kurs og opplæring for tilsette og 100 000 kr mindre i undervisningsmateriell.

Samtidig har vi fått 530 000 kr høgare refusjon på sjukeløn og fødselspengar enn venta, utan at det har vore behov for å sette inn vikar tilsvarande refusjonen grunna nedstenging og færre tilbod.

På administrasjonskapitelet for skule er det eit underforbruk aleine på 179 000 etter omorganiseringa.

På inntektssida har det kome omlag 100 000 kroner meir enn budsjettet, størstedelen gjeld refusjon for gjesteelevar.

**Barnehage:**

I budsjettet for 2020 var mellom anna dette lagt til grunn:

Trekt inn 30% fagarbeidarstilling frå 01.01 -165 000 kr

Trekt inn 100% stilling fagarbeidar/pedagog frå 01.08.20 -230 000 kr (Heilår 550 000)

Ein barnehage lagt ned -520 000 kr (Heilår 1,25 mill)

**Endringar av budsjettet gjennom året:**

Tap av inntekter ved stengde barnehagar 215 000kr

Reduksjon av 100% 2-språkleg assistent frå 01.08.21 -220 000 kr

Barnehage har eit meirforbruk i 2020 på 104 000 kr

Dette skuldast overforbruk på løn og vikarutgifter i barnehagar på omlag 200 000 kr grunna stort sjukefråvær, særleg i to av barnehagane. Samtidig har barnehage motteke omlag 100 000 kr meir i sjukepengerefusjon enn budsjettet.

Det har vore eit underforbruk på driftspostar som undervisningsmateriell og matvarer på omlag 100 000 kr. Samtidig har det ved Felle barnehage vore ei inntektssvikt på omlag det same.

**Kultur:**

I budsjettet for 2020 var mellom anna dette lagt til grunn:

Reduksjon i introduksjonsstønad -1 600 000kr

**Endringar av budsjettet gjennom året:**

Reduksjon av 60% stilling 2-språkleg medarbeidar frå 01.06.20 -125 000 kr

Kultur har eit lite meirforbruk på 40 000 kr.

På tenester som bibliotek, basseng og kino var det gjennomgående eit mindreforbruk i 2020. Det var eit meirforbruk på omlag 90 000 kr på introduksjonsstønad. Dette skuldast strakstiltak som følgje av korona, for å halde deltagarane aktiviserte.

**Korona – rapportering:**

Vi har vore forsikrana for korona her i kommunen, noko som har gjort til at våre tenester i skule og barnehagar stort sett har gått som normalt etter den store nasjonale nedstenginga. Tenester for barn og unge blir stadig drøfta i kriseleninga, og det er ei gjennomgåande haldning at koronatiltak skal ramme barn og unge minst mogleg. Vi har likevel hatt restriksjonar på arrangement som kjem utanom ordinær undervisning. Dette betyr til dømes at ein ikkje har hatt avslutningar til sommar og jol som før, open skule i haust utgjekk og foreldremøte blir avgrensa slik at berre ein foreldre kan møte. Fellesskapet mellom 5-åringane i kommunen, som skal starte på skulen saman til hausten, har utgått hausten 2020. Foreldre i barnehagane har i haust ikkje hatt høve til å kome lenger inn i barnehagane enn til garderobane. Dette er eit sagn, då det utelukkar meir innsyn i barna sin kvardag, og enklare kommunikasjon mellom heim og barnehage.

For kultur så vi eit inntektstap på kulturskulen på våren. I koronatid før sommaren blei det gitt 30% reduksjon i pris (brukarbetaling). Frå hausten har det vore ordinært tilbod og ordinær inntekt.

Kinoen har også vore lite besøkt grunna korona, noko som gir ei dyrare teneste. Prisen per kino blir dyrare for kommunen når billettsalet er lågt.

Politiske vedtak gjennom året – Andre viktige hendingar/moment:

Kommunestyret:

- 1/20 Nedtrapping av ressursinnsats kring flyktingarbeidet
- 2/20 Barnehagestruktur i Nissedal kommune
- 3/20 Konsekvensar kring redusering av stillingar i eining for barnehage
- 4/20 Kutt i lærarstillingar hausten 2020 – oppfølging av budsjettvedtak
- 8/20 Etablere Nissedal ungdomsråd
- 20/20 Eigenbetaling kulturskulen
- 22/20 Endring i «Skuleskyssreglement for Nissedal kommune» etter feil påpeika av Fylkesmannen
- 32/20 Rullering av ordensreglement for Nissedalsskulen
- 39/20 Tilstandsrapporten for skuleåret 2018-2019
- 40/20 Spørsmål om utgreiing av auke i rammetimetal for barneskulen
- 59/20 Oversikt over kompetansebehov i Nissedalsskulen innan 2025
- 61/20 Nedtrapping av ressursinnsats integreringsarbeid – trinn II
- 69/20 Konsekvens ved utviding av rammetimetal i Nissedalsskulen – 81 000 kr utviding Kyrkjebygda
- 85/20 Rullering av handlingsdel av kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2021

Formannskapet:

Vi har hatt følgjande saker om spesialundervisning i skule:

- 26/20 (utsett i påvente av sakkunnig vurdering frå PPT - venta mars 2021)
- 38/20 Kr. 41 000 (252 000 frå 2021 + overføring av 810 000 frå barnehage)
- 39/20 83 000 (200 000 kr frå 2021)
- 40/20 200 000 kr (440 000 kr frå 2021)
- 51/20 128 000 kr (180 000 kr frå 2021)
- 84/20 142 000 kr (341 000 frå 2021)

152/20 Førespurnad om å få behalde eksisterande ressurs i skule ut skuleåret 2020-2021

153/20 Utfyllande saksframlegg: Førespurnad om å få behalde eksisterande ressurs i skule ut skuleåret 2020-2021

Kultur:

- 78/20 Fordeling av kulturmiddlar og prosjektmiddlar 2020

## 13.4 Eining for velferd

### 13.4.1 Helse og habilitering

#### Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimspllassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Helsepersonelloven
- Folkehelseloven
- Pasient og brukarrettighetsloven

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile eininga

##### Spesielle tiltak/endringar for 2020.

- Revidere og utarbeide planar som er beskrive i planstrategi for Nissedal kommune.  
**Habilitering- og Rehabiliteringsplan er straks fullført, men er vidare utsatt pga utfordringar rundt Korona.**
- Kompetanseheving for tilsette i eininga og søke eksterne midlar til dette arbeidet.  
**Er søkt om, men fekk ingen midlar for 2020 til Helse- og habilitering  
Ny avdelingsleiar vart ikkje med på turnuskurs, grunna oppseilingstid og vanskeleg å få fri til dette.**
- Arbeide med å redusere 30% stilling i eininga.  
**Satt i bero pga korona og omorganisering/leiarskifte**
- Innføre kvalitets- og avvikshandteringssystemet Compilo  
**Er utsatt til 2021 pga leiarskifte og koronasituasjon**
- Arbeide for at ufrivillig deltid er på eit lågast mogleg nivå.  
**Satt i bero pga korona og leiarskifte**  
Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
**Satt i bero pga korona og leiarskifte.**

### **Tenester for funksjonshemma**

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenestene vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlasting og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

### **Spesielle tiltak/endringar for 2020.**

- Redusere 20% stilling i tenesta for funksjonshemma.  
*Gjennomført og sett i verk.*
- Lage ny grunnturnus og vurdere tenesta for å imøtekome innsparingskrav.  
*Gjennomført og sett i verk.*
- Innføre «Mobil omsorg», eit verktøy for god pasientdokumentasjon.  
*Utsatt inntil vidare pga. korona og påvente av ny avdelingsleiar som kan ta tak i det.*
- Bruke KS-læring for kompetanseheving.  
*Er delvis sett i gang. M.a. nutta nå i samband med korona-situasjonen.*
- Gjennomføre Velferdsteknologiens ABC for 2 tilsette, påbyrja i 2019.  
*Siste del utsatt på bakgrunn av korona. Begge tilsette har sluttat i avdelinga*

### **Mila aktivitetssenter**

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. Det er også eit lågterskel-tilbod til personar som treng det.

**Har hatt sine utfordringar med drift gjennom året pga Koronasituasjonen og var stengt nokre veker på våren, når smittetrykket var størst. Åpna igjen med redusert drift mot sommaren og hadde tilbod til nokre brukarar. Har sidan slutten av august 2020 hatt full drift, men med nokre tilpassingar ifht smittesituasjonen og råd frå smittevernoverlegen og FHI.**

### **Helseavdelinga**

Dei kommunale helsetenenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

**Legekontor :** Legekontoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar i 40%, som også er leiar for resten av helseavdelinga.

**Har vore utfordra i 2020 pga Koronasituasjonen. Pga smittevern og mange oppgåver rundt Koronatesting og smittevernoverlegefunksjonen. Har hatt mindre pasientar innom legekontoret og har fått ein inntekstvikt pga dette**

**Jordmorteneste :** Jordmortenesta 25% stilling. Tenesta fylgjer opp alle gravide før og etter fødsel.

**Fysioterapitenester :** Nissedal kommune har til saman 180% fysioterapistilling. 80% er på driftsavtale og 100% er fast tilsett i kommunen.

**Kommunefysioterapeuten har vore i permisjon frå mars 2020. Vi fekk ein vikar i 100%, som slutta i August. Ny løysing ut året var innleid fysioterapeut i 40% stilling, med dertil redusert tilskot, siste periode.**

**Helsestasjon :** Nissedal kommune har helsesjukepleiar i 100% stilling. Helsesjukepleiar har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

**Helsestasjonen har fått tilført Kr. 350.000,- i midlar frå fylkesmannen i 2020 til styrking av skulehelsetenesta. Det vert tilsett 1 person i 50% stilling frå 1.9.2020 til ut mars 2021 for midlane. Ein håpar på å få tilsvarande midlar i 2021 for å vidareføre prosjektet ut året.**

Friskliv/folkehelse : Nissedal kommune jobbar aktivt med friskliv. Det er ingen fast tilsette som arbeider bare med dette, men kommunefysioterapeuten har eit overordna ansvar for aktivitetane.

Psykisk helse: Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gjev tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar.

Spesielle tiltak/endringar for 2020

- Vurdere ulike alternativ til legevaktsamarbeid.  
*Arbeidet byrja på, men satt i bero pga. leiarskifte i eininga.*
- Kommunelegen har permisjon i delar av stillinga si 2020 (33% permisjon).  
*Sett i verk/gjennomført.*
- Halde fram med prosjektet " Arbeid mot rus " i psykisk helse.  
*Prosjektet er avslutta.*
- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal " og søkje relevante eksterne tilskot.  
*Prosjektet er vidareført, men har ikkje funne eksterne tilskot. Arbeid med å finne eksterne tilskot ikkje prioritert etter vakanse/skifte i leiarstilling. Er funne dekning for desse midlane internt i eininga.*
- Eininga har i tillegg fått tildelt Kr. 2.500.000,- frå fylkeskommunen for å være med i prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig». Midla vert fordelt over 4 år, der vi har fått Kr. 700.000,- for 2020. Bruken av midla er under planlegging og planen er å starte med prosjektet frå August 2020. Er starta opp med bruk av interne ressursar i satsinga. Ein har ikkje klart å bruke alle midlane frå 2020, så resten er overført til 2021.

## 13.4.2 Omsorg

### Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har trygge helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimspllassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen trygge barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetsolva

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta, som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Etablere og drifta dagtilbud for demens (jfr demensplan 2020).  
*Gjennomført. Tilboden førebels etablert på skjerma avdeling.*
- Vidareføre ordninga med aktivitetsvenn (AV).  
*Er vidareført, men i avgrensa form pga. korona.*
- Fortsette arbeide for å halde sjukefråveret for heile eininga på 7% eller lågare.  
*Sjukefråværet 1. kvartal er 11,2%. Men ein har tru på at det er på veg ned att.  
Sjukefråvær 2. kvartal er?*
- Styrke avdelingsleiarnes kompetanse, ein avdelingsleiar på vidareutdanning leiing 2019/2020  
*Ein avd.leiar blir ferdig med si vidareutdanning nå i juni. Siste eksamen er utsatt til August. Utdanninga vart fullført som planlagt.*
- Utvikle tenestetilboden i tråd med at 5 nye omsorgsbustader vert ferdigstilt, samt utreie behov for fleire omsorgsbustadar  
*Arbeidet er i gang og byggestart er planlagt september/oktober. Vidare utbygging vil ein kome attende til i løpet av kort tid. Blir ikkje ferdigstilt før tidlegast hausten 2021.  
Byggestart vart utsatt til November 2020, men det er planlagt å stå ferdig til avtalt tid.*

- Utgreie behov og iverksetting av alternative velferdsteknologiske tilbod, og delta i Vest – Telemark samarbeidet på området.  
Deltar i dette arbeidet saman med dei andre Vest-Telemark kommunane. Frå 1.11.20 vart det tilsett 1 person i 40% prosjektstilling ifht velferdsteknologi. Stillinga vert sponsa av tilskotsmidlar ut året.
- Føre vidare ordninga med interkommunal pårørandeskule for pårørande til personar med demens i eit samarbeid med Vest-Telemark kommunane  
*Har ikkje blitt jobba med pga. korona.*
- Innføre og halde i drift kvalitets- og avvikshandteringssystemet Compilo  
*Har starta på internopplæring av dette systemet. Har fått lagt inn prosedyrar og rutinar. Har eit mål om at Compilo er i bruk som kvalitets- og avvikshandteringssystem i løpet av året. Har blitt tatt i bruk for pasientavvik og er godt i gang med informasjon til alle tilsette om HMS avvik. Avdelingsleiarane har fått opplæring i å behandle avvik.*
- ROS analyser avdelingsvis, fortsetter frå 2019  
*Satt i bero pga. korona.*
- Arbeide med rekruttering →lage ein rekrutterings-/kompetanseplan, vidare frå 2019  
*Satt i bero pga. korona.*
- Innføre NEWS 2 som kartleggings/triage verktøy i heile eininga, heimesjukepleia har det i drift pr. 2019.  
*Utsyret er på plass, men opplæring i bruk er satt i bero pga. korona*
- Gjennomføre Velferdsteknologiens ABC for 7 tilsette i eininga, påbyrja i 2019.  
*Er i gang, men ikkje fullført pga. korona. Vert fullført i løpet av september 2020. Er nå fullført.*
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
*Ikkje prioritert pga. korona og leiarskifte.*
- Utvikle tenestane i perioden 2020 – 2023 i tråd med anbefalingane frå kvalitetsreforma «Leve heile livet»  
*Satt i bero pga. korona.*
- Bruke KS-læring for kompetanseheving  
*Brukta nå i samband med koronasituasjonen.*
- Rapportere korleis reduksjon av stillingar er innarbeidd i ramme.  
*Lagt fram sak for kommunestyret i juni.*
- Arbeide for at ufrivillig deltid er på eit lågast mogleg nivå.  
*Satt i bero pga. korona.*
- Grundig gjennomgang av tenestenivået i dei ulike trinna i tenestetrappa.  
*Vil bli ivaretatt ved utarbeiding av omsorgsplan.*
- Utarbeide ein omsorgsplan med handlingsdel.  
*Arbeidet blei starta på. Det er etablert styringsgruppe. Men arbeidet er blitt utsatt pga. korona og leiarskifte. Arbeidet blei sett i gang igjen etter ferien hadde 1. møte i arbeidsgruppa 20.8.20. Har hatt 6 møter i arbeidsgruppa innan nyttår*
- Orientering om hvordan kompetanseheving er ivareteke i eining for omsorg.  
*Ikkje prioritert så langt pga. korona og leiarskifte.*

#### **Administrasjon/tenestekontor:**

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleiksalarmer og hjelpeMidlar. Det er omlag 180 aktive brukarar som har hjelpemiddel frå NAV hjelpeMiddelsentral. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering.

Spesielle tiltak/endringar i 2020

I 2020 vert dagens bemanning på 2,0 årsverk på tenestekontoret vidareført.

- Nav hjelpemiddelsentral krev at kommunane overtek meir og meir av oppfylgingsansvaret i høve til hjelpemiddel som brukarar har fått i heim, skule, på arbeidsplass og til fritidsaktivitetar. Dette er eit ressurskrevjande arbeid og krev årleg oppdatering/kurs og tett samarbeid med hjelpemiddelsentralen. Tenestene er på tvers av einingar, krusene tærer på eining for omsorg sitt kurs budsjett, dette bør tas høgde for ved prioriteringar.

Det har vore eit godt samarbeid med hjelpemiddelsentralen. Dei har m.a. bidratt med detaljplanlegging av nye omsorgsbustadar. Ein ser nå på alternativ organisering av kven som søker og følger opp hjelpemidlar frå hjelpemiddelsentralen i kommunen

- Tenestekontoret vert og utfordra på å overta oppgåver som NAV har hatt tidlegare. T.D. parkeringskort, følgjekort og TT-kort.

Tenestekontoret har overtatt oppgåver med parkeringskort og følgjekort.

Institusjonstenester:

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids - og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphold og 2 korttidsplassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriteria. Opphold i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.

I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at eigne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekomast og at det ikkje gjev meirkostnadar for eininga.

Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.  
Har gjennomført mykje internundervisning i høve til korona. Har og hatt internundervisning i forflytningsteknikk.
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus  
Satt i bero pga. korona.
- Gjennomføre vergekurs for alle tilsette ved skjerma avdeling  
Satt i bero pga. korona.
- Forberede somatisk avdeling på omstilling i 2021 frå 14 til 10 plassar dersom omsorgsbustadane vert ferdige i 2020.  
Omsorgsbustadane blir ikkje ferdig før i 2021.
- Innkjøp av Bekkenspylarar:  
Det har vore kjøpt inn 2 nye bekkenspylarar til NOS før sommaren i 2020. Dette for å sikre at alle avdelingar på institusjon kan brukast som sjølvstendige avdelingar med eige personale dersom ein får inn smitte på NOS. Ein kan opprette eigne «kohortar» slik at ein kan halde smitta inne i eit «kohort» og ute av dei andre. Dersom smitte vert oppdagat i kommunen, eller smittefare er spesielt stor, vert og kohortinndeling etablert.  
1 av desse er montert opp på skjerma avdeling, den andre er ikkje montert enda med tanke på omorganisering og dobbeltarbeid.
- Dagaktivitetstilbod til personar med demens utanfor institusjon.  
Er eit krav at kommunar har i frå 1.1.20  
Er løyva Kr. 145.000,- til drift av dette tilbodet i 2020 over rammetilskotet.  
Inntil vidare løyst med at tilbodet er på skjerma avdeling og at det er kommunens tilbod.  
Det er ønskjelig på sikt at tilbodet skal flyttast ut av NOS og etablerast i eigna lokale med opningstid 1 – 2 dagar i veka.  
Har vore 2 pasientar innom tilbodet før Koronaen satt ein stoppar for det.

**Heimebaserte tenester:**

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfylging dersom tryggleiksalarmer vert utløyst. Hausten 2019 er det 30 personar som har tryggleiksalarm. Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpe dei har krav på. Hausten 2019 er det 68 personar (mot 64 i 2017) som er tildelt ulike heimetenester og 63 personar (mot 45 i 2017) som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp). Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

**Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.  
*Har gjennomført mykje internundervisning i høve til korona. Har og hatt internundervisning i andre fagkurs.*
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus  
*Satt i bero pga. korona.*
- Greie ut løysingar for heimebaserte tenester på natt slik at omsorgssenteret kan leve forsvarelege tenester heile døgeret.  
*Satt i bero pga. korona.*

**Serviceavdelinga:**

Reinhald, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkken har også sal og administrering av utkøyring av middag til heimebuande (etter vedtak). Hausten 2017 er det 20 personar som får koyrd middag heim. Dette er ikkje eit lovpålagnad tilbod, men er eit svært viktig tiltak for å førebyggje underernæring hos personar som bur heime.

- Greie ut og byggje nytt større vaskeri i tråd med nye retningsliner for hygieniske prinsipp, for å betre arbeidsforhold og spare inn 30% stilling ved å redusere tal på dagar vaskeriet har opent frå 5 til 3 gonger pr veke.  
*Utsatt pga. korona.*
- Utbetre grovkjøkkenet til NOS, slik at hygieniske prinsipp og arbeidsmiljø vert ivaretatt.  
*Utsatt pga. korona.*

Utdringar med plassering av kjøkken og lager/kjøle/fryse som ligg i 2 forskjellige etasjar har gjeve ein del utfordringar ifht smittevern og tiltak rundt dette. Ombygginga av vaskeri bør difor trekkast inn som eit ledd i ein plan for utbetring av desse førehalda. Ein har sett at beste måten å sikre gode smittevern tiltak, er at tilsette frå forskjellige tenester ikkje møtast fysisk og kan smitte kvarandre dersom det oppstår smitte på NOS. Dette vil ikkje berre gjelde ifht Covid -19, men og andre smittsamme sjukdommar.

For å få dette til, må kjøkkenet og varelager samt varelevering skje frå same etasje med eigne inngangar.

Sjukefråvær:**Helse og habilitering:**

Eininga har eit registrert langtidsfråvær på 0,78% og eit korttidsfråvær på 1,36% totalt 2,14% gjennom Agresso. Tilsvarande fråvær frå GAT, der dagsverk frå helgene også vert teken med, visar langtidsfråvær på 0,83% og 3,37% korttidsfråvær totalt 4,2%.

Dette viser at korttidsfråværet spesielt i helgene har vore høgt i 2020, mest sannsynleg på grunn av koronaen.

**Omsorg:**

- 13,36% fordelt på 5,23% korttidsfråvær og 8,13% langtidsfråvær iflg GAT i perioden 1.1.2020 – 31.8.2020
- Iflg Agresso er fråvær 9,8% fordelt på 3,02% korttidsfråvær og 6,79% langtidsfråvær. Ei stor auke frå 2019, då fråværet var mykje lågare. Noko er Koronarelatert og mykje er langtidsfråvær på tilsette med høge stillinger.
- Somatisk avdeling slit med mange vakante sjukepleiarstillingar. Fleire tilsette må jobbe over stillingsprosenta si og i tillegg jobbe overtid, for å halde avdelinga i gang. Dette slit på dei tilsette og kan føre til fleire belastningsskadar og større sjukefråvær.
- Sjukefråværet totalt i året har vore 10,25%, der korttidsfråværet iflg GAT er på stabilt 5%.

Både Kåsa bu og avlastning og Nissedal Omsorgssenter har hatt høgare korttidsfråvær enn tidlegare år, mest sannsynleg pga koronasituasjonen, der du ikkje kan gå på jobb med lette symptom på sjukdom. Dette har resultert i høgare utgifter i eininga på vikarinnleige og overtidsbruk.

Kompetanseutvikling:

Det har pga koronasituasjonen ikkje vore vanskelig å søke på eller gjennomføre kompetansehevingstiltak i eininga. Det har vore stort fokus på å få auka kompetanse på smittevern og rutinar/tiltak rundt dette. Ein har nytta KS – læring som verktøy i kompetansehevinga. Av tiltak gjennomført:

- Avdelingsleiarar på NOS og Kåsa skal på turnuskurs i september/oktober 2020. I tillegg vert einingsleiar med.
- Har søkt om kompetansemidlar frå fylkesmannen, men fekk berre til kompetanseheving av tilsette på reinhald, noko som er bra, men som tidligast kan påbyrjast i 2021. Midlane vert difor satt på fond til 2021.

Korona – rapportering:

Nissedal kommune har ennå ikkje hatt påvist smitte i kommunen.

Ein må likevel førebu seg og ha tiltak for å forebyggje både smitte og smittespreiing i kommunen. Dette gjeld og NOS, med fleire tiltak som ekstra vask i avdelingane, punktvask, skille personale, nye rutinar, planlegging osv. Det har blitt brukt mykje tid og ekstrainnsats frå leiarar og andre tilsette for både planlegging og gjennomføring av tiltaka.

Økonomigjennomgangen visar ikkje desse tala, fordi ein har klart å innarbeide det i ordinært budsjett, men her er det snakk om ein stor ekstrainnsats frå fleire tilsette.

Pårørande til pasientar på sjukeheimen har og fått ein ny kvardag. Sjukeheimen var i vår heilt stengd og berre pårørande til kritisk sjuke pasientar fekk komme inn. Ein har frå i sommar gjort det lettare for pårørande å kome på besøk, men det er ikkje fritt fram. Ein må ringe på førehand og avtale tid. Må enten gjennomføre besøket ute eller på ei stoge som er tilrettelagt for føremålet med eigen inngang og smitteverntiltak.

Det er større utgiftar til smittevernustyr pga pågåande smittevernrutinar. Prisen på produkta følger markedet med tilbod og etterspørsel og vert difor dyrare for oss.

Strenge tiltak ifht besök på NOS har vore praktisert gjennom heile året, der pårørande må ringe og avtale tid for besök og at ein brukar eit eige tilrettelagt lokale ved besök.

På Kåsa bu- og avlastning og i omsorgsbustadane har det ikkje vore så strenge tiltak, men bebuarane har vore informert om god smittevernpraksis, samt at i Kåsa har det og vore gjort tilgjengeleg moglegheit for handvask for besökande.

Kommentarar til rekneskapen:

Helse og habilitering:

Totalt har eininga eit meirforbruk på Kr. 615.000,-

Legetenesta har eit meirforbruk på Kr. 160.000,- ifht auka kostnad til legevakt og KØH samt feilberekna utgift til gjesteinnbyggjaroppgjør fastlegeordninga.

Fysioterapitenesta fekk eit meirforbruk på Kr. 70.000,- pga høgare vikarutgifter og mindre tilskot enn forventa.

Psykiatritenesta fekk eit meirforbruk på Kr. 110.000,- pga høgare kostnad til støttekontaktar/avlastning samt høgare utgifter til Kvito.

Kåsa har eit meirforbruk på Kr. 275.000,- pga feil budsjettet lön, feil berekna utgift til BPA og mindre tilskot til ressurskrevjande brukarar på grunn av auka innslagspunkt.

Omsorg:

Pleie- og omsorg – felles: Meirforbruk på Kr. 160.000,- på grunn av høgt kortidsfråvær siste kvartal og høgare vikarutgifter og overtidsbruk enn forventa. I tillegg er det ein inntektssvikt på Kr. 100.000,- på vederlagsbetaling ifht budsjettet. Totalt meirforbruk på Kr. 260.000,-

Heimesjukepleie har eit meirforbruk på fastlön på Kr. 80.000,- budsjettet pga feil berekna lön ifht ressurskrevjande brukar, i tillegg større bruk av overtid enn berekna på kr. 65.000,-. Mindreutgifter på vikarutgifter på ca Kr. 45.000,, gjorde meirforbruket på lön litt mindre og hamna på Kr. 100.000,-

I tillegg er har det vore auka utgifter til sårmateriell, smittevernutstyr og medisinar på Kr. 75.000,-, samt auka vedlikehaldsutgifter til ein eldre bilpark på Kr. 45.000,- Totalt Kr. 120.000,-

Service avdelinga har eit meirforbruk på Kr. 100.000,- fordelt på Kr. 70.000,- i reinholds materiell pga koronaen og Kr. 30.000,- til innkjøp av ekstra arbeidsklede og pasienttøy pga koronaen.

Somatisk avdeling har eit meirforbruk på Kr. 435.000,- fordelt på feil berekning av gjenståande fastlön i 2. tertial på kr 300.000,- og Kr. 135.000,- i auka overtidsbetaling pga av auka kortidsfråvær og mykje vakansar og sjukefråvær elles avdelinga.

Totalt sett har eininga eit meirforbruk ifht budsjett på Kr. 1020.000,- i 2020.

## 13.5 Eining for teknisk drift

### Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomstar til/fra fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivaretakast særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpende arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og friviljuge organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

- Plan for kriselerding og beredskap
- Handlingsplan for trafikksikring 2015-2016

### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Kartlegge tilstanden på bilane som nyttast av eining for teknisk drift  
**Gjennomført og det er bestilt ein ny bil til uteavd. innanfor løyva ramme.**
- Kjøpe ny fres til traktor, da den eksisterande er utslitt.  
**Gjennomført innafor løyva ramme.**
- Gjøre ei vurdering av behovet for å bytte ut traktor som eining for teknisk drift har.  
**Ein rakk ikkje å sjå godt nok på denne saka før budsjettet for 2021 skulle leggjast, men ein vil ta det med vidare og gjere ei slik vurdering til budsjettet for 2022.**
- Gjennomgang av kommunal bygningsmasse med sikte på sal/avhending.  
**Ikkje ferdigstilt, ein har starta prosessen og vurdera tilstanden til nokre av bygga. Det er ein krevjande jobb og ein har ikkje hatt kapasitet ved eininga i 2020 til å prioritere denne saka.**
- Legge fram rapport om aktuelle energiøkonomiske tiltak i kommunen.  
**Dette punktet heng sammen med kulepunkt over, men er gjennomført på dei områda ein har sett det som hensiktsmessig ved til dømes service på ulike anlegg, oppgradering eller reparasjonar.**

- Få oversikt på eksterne søkjaren midlar innanfor eige fagområde.  
Dette må prioriterast når ein gjer ombygging eller nybygg. Det er lite med muligheter for ein kommune å söke på slike støtteordningar. Men det vurderast ved oppføring av nybygg og ved evt. større ombyggingar.

### Utleigebustader

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.

Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Få ein oversikt over vedlikehaldsbehovet i alle bustadene.  
*Ikkje ferdigstilt, men ein vet at det er eit stort behov for oppgradering av mange av desse. Men ein prøver å gjennomføre noe oppussing ved bytte av leigetakerar.*
- Vurdere å innføre depositum for leige av kommunale bustader.  
*Ein har sett litt på saka og ein ser absolutt behov for eit slikt tiltak, men det er ikkje starta på sak til kommunestyret på dette.*

### Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningsmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Få ein oversikt over vedlikehaldsbehovet i alle kommunale bygg, og setje opp prioritieringslister med omsyn på vedlikehald.  
*Ikkje ferdigstilt, men ein har starta prosessen og vurdera tilstanden til nokre bygg. Dette er ein krevjande jobb som vil bli vidareført i 2021.*
- Få ein oversikt over lovpålagte krav med omsyn på drift av kommunale bygg.  
*Sjå kommentar over.*
- Gjennomføre byggeleiing av 5 nye omsorgsbustader ved NOS.  
*Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt*
- Gjennomføre anbodskonkurranse og byggeleiing av grovkjøkken på NOS  
*Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt*
- Delta i prosjektering og gjennomføre byggeleiing på ombygging av vaskeri på NOS  
*Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt*

### Andre bygg (NSB-eigedom..)

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er därleg vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Ingen spesielle tiltak i 2020.

## **Grøntanlegg**

Kommunen har grøntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg. Alle kommunale grøntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Byggjeleiing av aktivitetspark for Nissedal IL, kommunen skal overta drifta av denne.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**

## **Vegar og plassar**

Kommunen har 24,5 km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningslinjer.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar.  
**Ikkje gjennomført. Det er truleg berre behov for mindre endringar av reglementet.**
- Ugreie behov for utbetring av erosjonsskadar på 3 kommunale bruer/kulvertar i Kåsa/Solli og 1 bru på Kleivvegen.  
**Dette er ikkje gjennomført i 2020. Vil bli tatt opp att i 2021.**
- Vurdere muligheter for etablering av offentlig renovasjon/toalett i Kyrkjebygda, i samarbeid med Statens vegvesen.  
**Dette er ikkje gjennomført i 2020. Vil bli tatt opp att i 2021.**
- Vere pådrivar for å få utbetra vegen inn til Sundsmoen industriområde.  
**Det er i 2019 satt i verk tiltak – lagt knust asfalt. Dette har vært positivt i forhold til problematikken med støving frå vegen. Det er ikkje gjort ytterligare tiltak i 2020.**
- Søke om prosjektmidlar til vegbelysning inn til huskrullen på Haugsjåsund.  
**Dette har ikkje blitt prioritert i 2020 ettersom det ikkje står i trafikksikkerhetsplanen til kommunen.**

## **Fjoneferja**

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Det leggjast opp til heilårsdrift av Fjoneferja etter oppsummering etter to års prøvedrift.  
**Ferja har vært drift heile 2020, med unntak av nokon få dagar kor det har vert gjennomført reparasjoner eller kontroll av utstyr. Dagens skipper har sagt opp avtala og det jobbast med å få inngått ei avtale med det nederlandske paret som driv serveringsstaden på Fjonesida om drift av ferja. Det er politisk vedtak på at drift av kafé i Ferjebustaden skal henge saman med drift av fjoneferja.**

## **Kommunale bustadtomter**

Kommunen har pr. nov. -17, ledige tomter (byggeklare) i Tveitsund bustadfelt (6 stk) og i Kåsa-Solli (9 stk.) og nye tomter på Damkollen (6 stk).

### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Kommunen må marknadsføre av ledige tomter.  
**Dette er ikkje gjennomført i 2020. Vil bli tatt opp att i 2021.**

## **Brann og ulykkeberedskap**

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS . Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. I 2018 gjekk kommunen også inn i 110 Sør-Øst IKS, som nå har ansvar for utalarmering av det kommunale brannvesenet. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmenn.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Jobbe vidare på med skisser på ny brannstasjon/uteavdeling teknisk. Det er løyva pengar til denne utgreiinga. Ein jobbar saman med Rambøl om å løyse denne oppgåva.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt.**
- Prøve å gjennomføre ei ROS-analyse med omsyn på Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen, for å dokumentere at ein oppfyller krava i forskrifta. Dette er arbeidet er ikkje starta, men vil bli prioritert i 2021. ROS-analyse vil bli gjort iht. krava i ny «dimensjoneringsforskrift» som truleg kjem i 2021. Her vil det vere krav til ROS-analyse, forebyggendeanalyse (gjennomførast av VTBV) og beredskapsanalyse. Det er lagt ein plan for korleis ein tenker å gå fram med dette arbeidet. Båten som ble kjøpt i 2020 har auka beredskapen til brannvesenet i forhold til ulykker på vatnet.

## **Vatn og avlaupsanlegg**

Kommunen har ca.1250 vatn-abonnentar og 1.600 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatn og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. Nissedal kommune har sida 2015 vert vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune.

Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar, spesielt knytta til utbygging i lågstandard felt på Gautefallheia.  
Heilt på tampen av 2020 kopla ein på kommunalt vatn og avløp på Øverlandsheia på Gautefall. På «Kragerøåsen» på Feleholvet Sør er ein forsinka i forhold til planen og området vil ikkje bli kopla til før vår/sumar 2021 begge disse prosjekta vil gi kommunen nye abonnentar.
- Registrere og utarbeide leidningskartverk for vass og avløpsnettet.  
**Eininga er meir eller mindre ferdig med å kartlegge nettet i Treungen sentrum og Felle. Det stend igjen noko arbeid med skildring av kummar.**
- Utvide driftsovervakkingssystemet til å omfatte alle kloakkpumpestasjonane.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**
- Oppgradering av to pumpestasjonar på Gautefall som ikkje har overbygg.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**
- Prosjektere og legge fram endelig sak kring rammer/plassering av nye høgdebasseng, med sikte på å bygge nytt høgdebasseng i Treungen og Nissedal i løpet av året.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**
- Gjennomføre byggetrinn 4 ved Gautefall heia VA som Drangedal kommune ynskjer å gjennomføre. Byggetrinnet gjeld omlegging av leidningsnett frå Gautefall hotell og ned til Gautefall RA. Denne står stille pga. problem med grunneieravtale i Drangedal kommune.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**

- Lage eit opplegg for tilsyn med kapittel 13 anlegg i forureiningsforskrifta.  
Det er avklart at det nå er planavdelinga som skal ha ansvar for dette, ettersom dei har ansvar for å gi utslippsløyve og ikkje har ansvar for dagleg drift.
- Innarbeidning av ny drikkevannsforskrift (krav til planar, farekartlegging ol).  
Arbeidet med farekartlegging er starta, men det er mykje arbeid igjen i forhold til skriftlig dokumentasjon.
- Utarbeidning av midlertidig utslipstillatelse for alle rensealeggene som skal føres til nytt renseanlegg på Langemoen.  
Statsforvaltaren har konkludert at det er kapittel 13 anlegg og at det er kommunen sitt ansvar å føre tilsyn med drift av desse anlegga. Fylkesmannen ønsker at ein heller sett fokus på å jobbe med ei ny renseløysing.
- Forprosjekt i forhold til kvalitetssikring av grunnlagdata og eksisterande rapporter ol. i forbindelse med nytt renseanlegg som skal byggast i 2023.  
[Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt](#)
- Utskifting/etablering av nye kummar på ledningsnettet. Utbetre to kummar årleg, for å auke tryggleiken på ledningsnettet.  
[Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt](#)
- Revisjon av lokal forskrift for vass og avløpsavgifter.  
Har ikkje blitt gjennomført. Det er truleg berre behov for mindre endringar av forskrifta.
- Utbetring av inntaksleding på Treungen vassverk.  
Sjølve utbetringa av vassledingen er planlagt men ikkje gjennomført. Det er ein jobb som må gjerast når Nisser er på sitt lågaste (LRV Vinter). Men det er gjennomført tiltak på reserveledingen inn til vassverket for å sørge for at denne skal kunne forsyne vassverket når hovudledningen leggjast om. Det er installera ei vakuumpumpe som skal sørge for å dra ut lufta som kjem inn i ledningen. Nisser ble ikkje lågt nok i 2020 og tiltaket er ikkje gjennomført.

#### Sjukefråvær:

Det totale sjukefråværet i 2020 var på : 7,7%. 2,7% kortidsfråvær og 35% langtidsfråvær. Auka skyldas at fleire tilsette har vært i heime som følge av regelverket rundt Covid-19. Eininga har hatt fleire tilsette som har vore borte i ein lengre periode pga. bla. operasjonar og i tillegg har ein hatt 1 tilsett som har vert delevis/helt sjukmeldt heile 2020. Fråværet er ikkje relatert til arbeid. Arbeidsmiljøet ved eininga er bra, men det er alltid muligheter for forbetring.

#### Kompetanseutvikling:

Her har mye blitt satt på vent pga. Covid-19. Siste rest av utdaninga for to brannkonstablar på grunnkurs er utsatt til Våren 2021, samt at det er to nye konstablar på kurs frå hausten 2020. Det har vært vanskelig å finne noen i nærleiken som gjennomfører «blålyslappen» i 2020, samt at ein har gjort endringar i leiinga av brannvesenet og ein ser også på korleis ein skal organisere seg internt noko som kan vere avgjande for kven som skal få ta «blålyslappen»

Planlagde seminar er stort sett satt på vent eller avlyst innanfor VA og andre fagfelt, men ein har deltatt på nokon digitale samlingar bla. via Driftsassistansen.

Korona – rapportering:

Bemanning og gjennomføring av oppgåver:

På bakgrunn av låg smitte så valte ein fortsatt holdt på at ein kan jobbe saman som ved normale forhold for eininga med tanke på splitting av arbeidsgrupper. Alle er klar over at om situasjonen endrar seg så må ein gå tilbake til å splitte opp i grupper på ny.

VA-avdelinga har lenge jobba med å styrke bemanning i forhold til krisesituasjonar og ein ser nå nytten av at ein har 5 personar som kan drifta VA-anlegga.

Uteavdeling/vaktmeisterar har hatt noe ekstra jobb med å hjelpe andre einingar og legge til rette for tiltak som ein har blitt gjennomført i forbindelse med retningslinjer rundt Covid-19.

Reinhaldsavdelinga er dei som har fått kjenne denne krisa mest på kroppen av dei tilsette på teknisk. Det vart brått blitt satt langt høgare/strengare krav til reinhald i alle bygg, og dette oppretthaldast fortsatt, samtidig som ein skal prøve å gå meir og meir tilbake til «normalen». Det betyr at fleire aktivitetar opnar opp og meir av bygningsmassa nyttast.. Dette slit på personell og ein ber derfor om at ein får forsterka reinhaldsavdelinga med ein 60% stilling så lenge som det er krav til auka reinhald.

Det er også vanskeleg å få tak i vikarar til reinhaldsavdelinga og dette gjer at ein er ekstra redd for at ein skal få sjukemeldingar som følge av for stort press på eksisterande personell.

Einingsleiar er også beredskapskoordinator og sitt i den sentrale kriseleninga i kommunen. Dette har kosta mykje tid som igjen har gått utover oppfølging av vanlege arbeidsoppgåver.

Utgifter i forbindelse med Covid-19:

Det har vært relativt stille i kriseleninga i sumar ettersom ein har vært heldig og ikkje fått smitte til kommunen. Ein har ikkje hatt noko særleg med ekstra utgifter i sumar. Men ein ser at ein vil få ein auke for økt bemanning innanfor reinhald ut året 2020, som følge ein skal prøve å gå meir og meir tilbake til «normalen» ved å opne opp for fleire aktivitetar som fører til at meir av bygningsmassa nyttast med eit strengare krav til reinhald enn tidligare, samt at dette fortsatt krev meir administrativ jobbing for reinhaldleiar.

Reinhaldsavdelinga melder også at det er eit auka forbruk av såpe og tørkepapir som følge av retningslinjer til håndhygiene.

Fråvær:

For å tilfredsstille regjeringa sine råd om å ikkje reise på jobb dersom man er sjuk, er det noen som har vært heime frå jobb med symptom som elles ville tilsei at ein reiser på jobb. Det har stort sett ikkje vært nytta vikarar for å dekke opp dette, det er nytta noe vikar innanfor reinhald.

Utgifter:

Det har totalt blitt bruka 422 000,- under ansvarsområdet Beredskap i forbindelse med Covid-19 pandemien. Omlag 365 000 er nytta til ekstra lønnskostnadar og ca. 57 000,- andre ulike små utgifter (annonser, SMS-varsling ol.)

Kommentar til rekneskapen:

Totalt har eininga eit meirforbruk på kr 252.000.

Eininga har eit mindreforbruk på lønn på ca. kr 200 000,-. Dette skuldast hovudsakleg at det er betalt ut mindre i lønn til utrykking brann. Ein har i 2020 hatt 22 utrykkingar, men ingen av desse var spesielt store hendingar som har kravd innsats over lang tid.

Ein har i 2020 fått ein reduksjon i inntekt på ca. kr 170 00,- som følge av at det ble fakturert feil i desember 2019 på husleiger. Husleiger for januar 2020 ble sendt ut så tidlig i desember at der ble godskrivi på budsjettet for 2019, dette gjer at ein har «mista» leigeinntektene for januar 2020.

Nedlegging av Haugsjåsund barnehage frå sumaren 2020 skulle gi ei innsparing på 150 000,- i eininga som følge av redusera drifts- og lønnsutgifter.

Straumen er nesten i tråd med budsjettet. Straumen i 2020 var svært billig og ein redusera budsjettet med 700 000,- i 1. tertial. Variable prisar gjer det vanskeleg å anta riktig sum i budsjettet.

Sjølvkostområdet feiing har eit stort budsjettavvik - kr 400 000. For å forklare dette må ein gå tilbake i økonomiplanane – Ved å sjå på egebetingar/avgifter for 2017-2018 så ser ein at feiegebyret vart redusert med 67% frå 2017 til 2018. Bakgrunnen for den kraftige reduksjonen var at ein da fikk inn mange fleir abonnementar som kunne dele på utgifta, men samtidig er det i Vest-Telemark brannvesen ikkje lagt inn ein bemanningsauke i budsjettet som følgje av at ein får inn fleire 1000 nye piper som skal feiast. I 2017 var årsgebyret for feiing på 664 kr pr. pipe og vart redusert til 220 pr. pipe i 2018. Det vart raskt oppdaga at ein ikkje klarte å feie så mange piper utan å auke bemanninga og utgiftene til feiing auka i Vest-Telemark brannvesen, og dermed auka også kommunen si innbetaling. Dette førte til ei kraftig auke i 2018 og førte til eit underskot i forhold til budsjett. Slik ein har fått forklart i forhold til økonomien i Vest-Telemark brannvesen så er det ikkje lagt opp til eit utjamningsfond som gjer at om ein får behov for investeringar som ikkje ligg inn i budsjett så vil dette slå direkte ut på budsjettet/innbetaling året etter.

Om ein går tilbake å ser på kva som er budsjettert (på bakgrunn av opplysningar frå VTBV) og kva som faktisk er innbetalt dei siste åra (sjå tabell under) så er det store avvik og truleg er det dette som gjer at ein har komet så skeivt ut i 2020. Det er tatt høgde for å rette opp delar av dette i 2021.

Tabellen under viser kort oppsummera dei viktigaste summane for åra 2017-2020;

*Oppsummering av kostnadar og inntekter frå 2017 til 2020*

	Budsjett	Innbet. VTBV	Diff. bud./innbet	Inntekt gebyr.	Resultat
2017	426 000	424 000	2000	477 000	53 000
2018	456 000	737 000	281 000	638 000	-103 000
2019	668 000	812 000	144 000	796 000	- 15 700
2020	945 000	1 097 000	152 000	870 000 *	-227 000 **

\* - Berekna ut i frå dagens gebyr og antal piper.

\*\* - berekna ut i frå innbet.VTBV og inntekt gebyr

Ut av tabellen ser ein at dei 3 siste åra så er det stor differanse på kva som oppgitt frå Vest-Telemark brannvesen som grunnlag for budsjett og kva som faktisk er betalt inn etter avrekning.

Om ei ser på postar som gjeng på vedlikehald i budsjettet så har ein eit meirforbruk på ca. kr 380 000,-. Hovuddelen av dette overforbruket har vært nytta til reparasjonar av ventilasjonsanlegg, el.anlegg (opprettig av avvik etter el.tilsyn), sanitære installasjonar, bytte av alarmsentralar og div. reparasjonar av utstyr som nyttas av teknisk.

#### Politiske vedtak gjennom året – Andre viktige hendingar/moment:

PS-sak 2/18 om utbygging av vatn og avløp til Kyrkjebygdheia. Prosjektet er i sluttfasen. Nærare omtale om dei ulike delane ligg under investeringsprosjekt.

PS-sak 10/19 Ombygginga av skuledelen ved kyrkjebygdheia oppvekstsenter – prosjektet er avslutta og er gjennomført innafor prosjektramma.

PS-sak 06/20 Ramma for utbygging av nye omsorgsbustader ble auka til 20.290.000. Bygging av desse starta i 2020 og ferdigstilling vil vere sommar/haust 2021.

PS-sak 27/20 ble det vedtatt at ein skulle kjøpe bygget til Telemark bilruter og bygge dette om til kombinasjonsbygg for brann og uteavd. Teknisk. Det er løyva 15.000.000,- til prosjektet i budsjettet for 2020. Eininga vil i løpet av kort tid legge ut detaljprosjektering på anbod. Nærare omtale ligg under investeringsprosjekt.

PS-sak 28/20 Det ble vedtatt at ein skulle definere behovet for oppgradering av storskulen og undgdomskulen på Tveit skule. Oppdraget legg til grunn at dagens lokalisering av skulen blir vidareført. Det er i 2020 undersøkt er luftkvaliteten i forskjellelege klasserom i murbygget og paviljongen samtidig som det har vært undervisning der. Dette er gjort sida det har vært mykje klager på luftkvaliteten og hugverk på storskulen. I tillegg har Sweco lagd ein brannrapport for murbygget, som seier kva ein må gjere for å få murbygget innanfor gjeldande branntekniske krav.

I tillegg til paviljongen er det nokon utfordringar med murbygget

- Branntilsyn: Det er avvik i rapport frå Sweco om rømmingsveg.
- Persianner: Er veldig dårlige. Det er behov for ny solavskjerming som tåler ball.
- Isolasjon: Murbygget er svært därleg isolert. Ei oppgradering av dette vil gi utslag i redusera straumutgifter.
- Fukt: Det er problem med fukt i veggene i de fleste etasjane i bygget. Dette er eit problem ein må bli kvitt. Dette resulterer i saltuslag på veggane inne i bygget.
- Drenering: Murbygget må drenerast på nytt då ein ser at det er fukt i kjellaren.
- Universelt: Ein må sjå på korleis heile bygningsmassa må tilpassast for å komme inn under krava til underversell utforming.
- Ventilasjon: Dagens anlegg er ikkje tilfredsstillande. Me må undersøke om det er mogleg å auke kapasiteten.

